



ÅL KOMMUNE

Ål kommune

Økonomiplan 2021-2024 med årsbudsjett 2021



KOMMUNE 1.0

Kommunen bestemmer
"ovenfra-og-ned".



KOMMUNE 2.0

Brukeren bestemmer.
"Kommunen bærer
deg gjennom livet".



KOMMUNE 3.0

Vi bestemmer sammen.
"Hva skal vi få til i
felleskap i dag?".

Vedteke av kommunestyret den 17.12.2020





ÅL KOMMUNE





ÅL KOMMUNE

Innhold

RÅDMANNEN SI INNLEIING	5
HANDSAMING AV BUDSJETTET OG ØKONOMIPLAN	6
MÅL, VERDIAR OG MILEPÆLAR FOR KOMMUNEN	7
DRIFTSBUDSJETTET	8
ØKONOMISK STODE FOR KOMMUNEN	8
<i>Netto driftsresultat</i>	9
<i>Gjeld</i>	9
<i>Renter</i>	10
<i>Likviditet</i>	10
<i>ROBEK</i>	11
RAMME FOR 2021 BUDSJETTET – GENERELT	11
RAMME FOR 2021 BUDSJETTET – INNTEKTENE	13
<i>Bevilgningsoversikt – drift</i>	13
1. <i>Skatt på inntekt og formue</i>	13
2. <i>Rammetilskot</i>	14
3. <i>Skatt på eigedom</i>	16
4. <i>Andre direkte og indirekte skattar</i>	16
5. <i>Andre generelle statstilskot</i>	16
6. <i>Renteutgifter</i>	16
7. <i>Avdrag på lån</i>	17
8. <i>Til bunde avsettingar</i>	17
9. <i>Bruk av ubunde avsettingar</i>	17
10. <i>Bruk av bunde avsettingar</i>	17
11. <i>Til fordeling drift</i>	18
13. <i>Sum fordelt til drift</i>	18
RAMME FOR 2021 BUDSJETTET – UTGIFTENE	19
<i>Skjema 1B – drift</i>	19
INVESTERINGAR	22
INVESTERINGSRAMME –BRUK AV KRAFTOVERSKOT	22
<i>Bevilgningsoversikt – Investeringar, hovudoversikt</i>	23
<i>Skjema 2B – Investeringar, oversikt over prosjekt</i>	24
<i>Skjema 2B – Investeringar, oversikt over prosjekt sjølvkost</i>	26
DRIFTSOMRÅDA	27
ADMINISTRASJON OG SERVICETENESTER	27
OPPVEKST	28
HELSE OG SOSIAL	33
KULTURSEKTOR	37
DRIFT OG UTVIKLING	40





ÅL KOMMUNE





ÅL KOMMUNE

Ramme og visjon

Rådmannen si innleiing

Dette dokumentet er grunnlaget for arbeidet med budsjett 2021 og økonomiplan 2021-2024 i formannskap og sektorutvala. Dokumentet viser rådmannen sine vurderingar av kommunen sitt budsjett, og dei nedskjeringar og tilpassingar som er nødvendige. Rådmannen sitt budsjettframlegg er saldert og lagt fram i balanse.

Statsbudsjettet gav Ål kommune ein auke på 1,8 %. Det er mindre enn forventa deflator som er på 2,7 % og betyr i realiteten ein reduksjon i budsjettet. Ei framskriving av budsjettet for 2020 med forventa lønsauke, viser at det er utfordrande å få budsjettet i balanse.

Låge straumprisen redusera budsjettetert overskotet i Ål kraftvert med ca. kr. 10 millionar. I rådmannen sitt budsjettframlegg er det lagt inn 19,5 millionar som kommunen sin netto inntekt – mot kr 29,5 millionar for 2020.

Kommunen har hatt fokus på sparing og nedskjering i fleire år. Sektorane har fått kompensert lønsveksten, men ikkje noko anna auke i driftsbudsjettet. Andre driftsutgifter er for det meste vidareført utan å ta omsyn til utgiftsveksten. I realiteten betyr det at driftsmidlane er redusert også i 2021.

Dette er utfordrande for alle sektorane. Det er mange ynskje som rådmannen ikkje har funne rom til i dette budsjettet. Sektorleiarane har kommentert utfordringar i sin sektor i egne avsnitt i dette dokument.

Da kommunestyret vedtok budsjettet for 2020 vart det løyvd nye tiltak til ein verdi av ca. kr. 9,8 millionar frå disposisjonsfond. Rådmannen har fjerna alle desse tiltak for å koma innanfor den ramme Ål kommune bør drivast innanfor. Budsjettføreslaget har ein avsetning (mindreforbruk) på ca. kr 5,5 millionar.

På side 21 har administrasjonen laga ein prioritert oversikt over eventuell disponering av denne avsetning, omdisponering innan nåverande drift samt moglegheita ein justering av eigedomsskatt frå 3 til 3,5 / 4 promille vil gi kommunen. Desse grep er ikkje innarbeid i budsjettet da rådmannen ser på desse grep som rent politiske.

Den demografiske utviklinga viser auke i tal eldre og reduksjon i barnetalet. Ål kommune må flytte ressursar frå oppvekst til helse og omsorg i ein størrelse på ca. kr 1,5 millionar pr. år i 2022 til 2025.

Ål, 16. oktober 2020

Karsten Popp Dideriksen
rådmann





ÅL KOMMUNE

Handsaming av budsjettet og økonomiplan

Kommunestyret skal ein gong i året vedta ein økonomiplan som skal omfatte minst dei fire neste budsjettår. Økonomiplanen skal dekkje heile kommunen si verksemd og gje realistisk oversyn over sannsynlege inntekter, venta utgifter og prioriterte oppgåver i planperioden.

Budsjettet er ein bindande plan for kommunen sine midlar og bruken av desse i budsjettåret. I løyvingar til ulike føremål kan ein gjere frådrag for tilhøyrande inntekter (nettobudsjettering).

Ål kommunestyre løyver nettoutgift pr. sektor og pr. avdeling i si budsjetthandsaming. I økonomistyringa er det likevel viktig og fylgje med på brutto inntekter og utgifter.

Budsjettprosessen strekkjer seg gjennom store delar av året. Føringer, vedtak og løyvingar gjennom året må innarbeidast i det økonomiske opplegget. Strategisamlingane i april er ein viktig arena som legg premisser og gjev politiske signal på dei ulike budsjettområda.

Innstilling til budsjettet frå formannskapet skal leggjast ut til offentleg ettersyn seinast 14 dagar før innstillinga blir handsama i kommunestyret.

Kommunestyret skal vedta budsjettet innan utgangen av året.

Framdriftsplan for budsjettprosessen, budsjett- 2021

Administrativ behandling			
17. juni	AMU/UT og rådmannsteam	Rådmannsteam	Gjennomgang av budsjetttrundskriv 2021, premisser og føringar
18. juni	Alle avd.leiarar		Budsjetttrundskriv sendast ut
21. august	Alle avd. leiarar		Framlegg til budsjett frå avdeling til sektor
4. september	Sektorleiarar		Framlegg til budsjett frå sektor til rådmann
11. september	Sektorleiarar		Taldelen ferdig lagt i Visma.
25. september	Sektorleiarar		Tekstdelen ferdig.
20.oktober	Formannskap og sektorutval	Rådmann og økonomisjef	Rådmann legg fram sitt salderte budsjettframlegg.
Politisk behandling			
27. oktober	SHO, SUKO, STNR		Budsjettarbeid
2.november	Formannskap, utvalsleiarar og tillitsvalde	Rådmannsteam	Ordførar sett agenda
9. november	Formannskap	Rådmannsteam	Formannskapet vedtek sitt budsjettframlegg. Framlegget blir lagt ut på høring.
24.november	SHO, SUKO, STNR	Leiar på dei ulike sektorar/avd.	Utarbeide høringsframlegg
7. desember	Formannskap	Rådmannsteam	Gjennomgå høringsinnspel og vedta sitt endeleg budsjettframlegg.
17. desember	Kommunestyret	Rådmannsteam og evt. andre leiarar	Kommunestyret handsamer budsjettet og gjer endeleg vedtak på budsjett og økonomiplan 2021-2024.





ÅL KOMMUNE

Mål, verdier og milepælar for kommunen

Økonomiplanen skal vere forankra i kommuneplanen. I kommuneplanen for perioden 2015-2027 er følgjande *visjon* vedteken:

Eit levande Ål for alle

Overordna mål :

- I Ål skal det vera godt å bu og leva.
- I Ål skal alle verta sett, inkludert og respektert.
- Utviklinga i Ål skal ta vare på behova til komande generasjonar.
- Ål vil vera eit berekraftig lokalsamfunn, økonomisk, sosialt og miljømessig.
- Ål har, og vil ha, aktive, kreative, deltakande og skapande innbyggjarar.
- Ål skal vidareutvikle gode og lønsame arbeidsplassar.

Verdiar for organisasjonen

Rådmannsteam har, saman med avdelingsleiarane, kome fram til tre verdier som skal leggest til grunn i vår framferd og oppgåveløysing . Vi vil i 2019 jobbe vidare med å innarbeide desse i heile organisasjonen.

Open

Modig

Grundig

Milepælar for det krevjande budsjettåret 2021

- Vidare utvikling av godt leiarskap.
- Finne ein god strategi for utvikling av organisasjonen innanfor ei strammare økonomisk ramme.
- Involvere innbyggjarane meir i utvikling av lokalsamfunnet (kommune 3.0)
- Finne forbettringsområde.






ÅL KOMMUNE

DRIFTSBUDSJETTET

Økonomisk stode for kommunen

Det er 5 områder som er viktige for ein god kommuneøkonomi:



Kommunen sitt netto driftsresultat er negativt. Gjeldsbelastninga ved utgang av 2019 er moderat (siste kjent rekneskap).

Likviditeten er middels og frie fond utgjer 13,2 % av budsjetterte driftsinntektene .

Kommunen er framleis eit godt stykke frå Robek-lista. Likevel, skal ein unngå å gje frå seg styringsfullmakter til Staten, må kommunen inn på eit berekraftig driftsnivå med eit årlig netto driftsoverskot på 3 %.

Den renteeksponerte netto gjelda pr. 31.12.2020, inklusivt sjølvkostlån er på kr. 456,3 mill. Dette gjer kommunen sårbar til endringar i renta. Det har vore ein nedgang i renta i 2020.

Til slutt- med kraftpengane innbakt i drifta, er kommunen, og drifta, eksponert mot svingingar i kraftprisane.





ÅL KOMMUNE

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat viser kor mykje som kan disponerast til avsetningar og investeringar etter at driftsutgifter, renter og avdrag er betalt.

Fylkesmannen anbefalar at netto driftsresultat for kommunane bør vere på minimum 3 %. Eit positivt netto driftsresultat betyr at kommunen har rom til å eigenfinansiere investeringar, og/eller kan gjere avsetningar til seinare bruk. Eit godt netto driftsresultat er viktig for å oppretthalde kommunen si handlefridom.

Netto driftsresultat for Ål har gått kraftig ned dei siste åra, og for 2021 er det budsjettert med eit negativt netto driftsresultat på **kr 4 288 101**. Dette talet kan endra seg i rekneskap. Sjå tabell under.

Eit netto driftsresultat på 3 % ville utgjere kr. 10,7 mill. for Ål kommune.

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntekter 2014-2019 (siste kjent rekneskap)

Resultatmål (tal i mill.kr)	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Brutto driftsresultat	-2,2	-6,6	11,1	-16,5	-15,1	-24,2
Netto driftsresultat	9,2	4,6	18,8	6,8	22,3	17,1
Samla driftsinntekter	538,6	529,1	571	587,7	605,1	619,7
Samla driftsutgifter	540,8	535,6	559,9	604,3	620,2	643,8
Brutto resultatgrad (%)	-0,4	-1,2	1,9	-2,8	-2,4	-3,8
Netto resultatgrad (%)	1,7	0,8	3,3	1,2	3,7	2,8
Meir (-) / mindreforbruk	0,4	9,4	11,4	12	26,5	19,4

Gjeld

Kommunen har teke opp og vedteke renteberande lån (ca. kr. 456,4 mill. pr.1.1.2021.). Ein del av låna er knytt opp til utbygging av sjukeheims plassar, omsorgsbustader, skulebygg, kulturbygg og sjølvkost. Dei statlege tilskota til rentekompensasjon knytt til desse låneopptaka vil bli justert ved renteendringar.

Avdraga på eksisterande lån er faste. Rente og avdragseffekt på nye lån er avhengig av når på året lånet blir teke opp, og til kva vilkår, og ikkje minst i kva grad og tempo utbyggingar vert gjort og prioritert. Den store auken på finansområdet i budsjettet har samanheng med reduserte innskot og innskotsrente, men fyrst og fremst auka låneopptak med renter og avdrag.

Utvikling av renteberande lånegjeld (eks. Startlån)

Langsiktig gjeld i mill. kr	2020
Lån pr. 31.12.2020 (inkl. ubrukte lånemidlar)	436,6
Avdrag i 2021	-20,0
Nytt låneopptak i 2021	23,6
Prognose for lånemasse ved utgangen av 2021	*440,2
Netto lånemasse til egne investeringar	284,7

*Av denne gjelda er

- ca. 99,5 mill. knytt opp mot gebyrfinansierte
- ca. 56 mill. betjent av andre

Renterisikoen er mindre på denne delen av gjelda





ÅL KOMMUNE

Gjeldsgrad: gjeldsgrad viser gjeld mtp. brutto driftsinntekter

$$= \frac{\text{Gjeld 2021}}{\text{Brutto driftsinntekter}} = \frac{440\,208\,716}{547\,291\,834} = 80\%$$

I 2019 hadde Ål kommune ei netto gjeld pr. innbyggjar på kr. 84 800.

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Netto lånegjeld*	171 698	230 465	375 109	312 298	319 684	396 608
Pr. innbyggjar	36,4	48,9	79,5	67,5	68,4	84,8
Banklån	286 833	283 492	449 086	377 215	380 542	485 123

Renter

Rentenivået har vore lågt dei siste åra. Dette gjev kommunen reduserte renteinntekter. Renteutgifta er aukande grunna fleire lån. Lån frå 2014 på kr. 70 mill., har ei fastrente på 2,3 % i 10 år.

Rente på eksisterande og vedtekne nye lån er sett til 1,06 % flytande for 2021.

Innskotsrenta er sett til 0,62 %. Det er venta ein stigande rente- og avdragsprofil i eit lengre tidsperspektiv, noko som vil binde meir midlar til finansområdet. Dette vil krevje innstramming på drift og/eller investering elles.

Vi er inne i ei tid med låg rente både på innskot og innlån og satsane vil difor kunne avvike frå det som er nemnt ovanfor. Det er forventa ei rente på 1,06% i 2020, 1,25 % i 2021, 1,48% i 2022 og 1,50% i 2023.

Likviditet

Ål kommune har relativt god likviditet. Vi har alltid hatt evna til å handtere våre plikter. Pr. 31.12.19 var det kr. 65,5 mill. på disposisjonsfond. Pr. 11.10.2020 er saldo på disposisjonsfond kr 75,9 mill. Beløpet er inklusiv avsetning og bruk hittil i 2020. Dette gjer at vi gjennom året har nok midlar til våre plikter. Det har også gjort at det ikkje er naudsynt å gjere låneopptak før på slutten av året.

Fondstype	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Disposisjonsfond	43 478	35 600	38 591	43 850	52 098	65 563
Bundne driftsfond*	46 406	49 900	63 710	61 806	60 129	65 584
Ubundne investeringsfond	1 411	1 411	1 411	11,4	11,4	11,4
Bundne investeringsfond	70	474	9 858	11 952	10 660	12 500
Sum totalt*	91 365	87 385	113 570	117 619	122 898	143 658

Budsjettert disposisjonsfond i 2021 er på ca. kr. 73,6 mill. Dette utgjer 13,4 % av driftsinntekter i 2021.





ÅL KOMMUNE

Konto	Fond	Saldo pr. 31.12.19	Avsetning 2020	Bruk 2020	Saldo pr. 31.12.2020	Avsetning 2021	Bruk 2021	Saldo pr. 31.12.2021
25101000	Næringsfond	20 908 776	7 475 000	-18 186 000	10 197 776	7 475 000	-8 750 000	8 922 776
25102000	Jordbruksfond	1 780 336	100 000	-240 000	1 640 336	45 000	-540 000	1 145 336
25102900	ADA scholarship	42 207			42 207			42 207
25103001	Fiskefond uster.	308 040	15 000	-16 000	307 040	7 000	-16 000	298 040
25103002	Fiskefond Rødungen	386 766	15 000		401 766	7 000		408 766
25105001	Fond Tretterud eldrebo, jfr bank 2320.32.58003	880 330	40 000		920 330	20 000		940 330
25105003	Landskaps og miljøfond Øygard	640 374	15 000		655 374	13 000		668 374
25105004	Viltfond, HNR 55/01	171 974	4 000		175 974	3 000		178 974
25105005	Landskaps og miljøfond Naturtorv	57 440			57 440			57 440
25105930	Gåvemiddelkontoen	603 548			603 548			603 548
25105940	Vinkonto	103 548			103 548			103 548
25202212	Kriminalitetsforebyggande arbeid SLT	137 034			137 034			137 034
25204920	Dekking av tap på etableringslån jfr P302	374 036			374 036			374 036
25206350	Sjølvkostfond vatn jfr. teneste 3401	578 914		-497 000	81 914		-22 844	59 070
25206351	Sjølvkostfond renovasjon jfr. teneste 3551	0			0	115 672		115 672
25206352	Sjølvkostfond slam jfr. teneste 3541	2 057 314		-222 000	1 835 314		-478 235	1 357 079
25206353	Sjølvkostfond kloakk jfr. teneste 3531	3 522 155		-1 560 000	1 962 155		-702 527	1 259 628
25208020	Gåvefond Tretterud eldrebo 2012	6 149			6 149			6 149
25301000	Kapitalfond	11 457			11 457			11 457
25505057	Skatepark, gåve	25 660			25 660			25 660
25601000	Disposisjonsfond drift Ksak 44/09	65 563 321	19 670 778	-9 297 000	75 937 099	31 833	-2 405 000	73 563 932
25601002	Flyktningfond	1 412 012		-150 000	1 262 012		-50 000	1 212 012
	TOTALT	99 571 392	27 334 778	-30 168 000	96 738 170	7 717 505	-12 964 606	91 491 069

ROBEK

ROBEK er eit register over kommunar og fylkeskommunar som er i økonomisk ubalanse. Kommunar og fylkeskommunar i ROBEK må ha godkjenning frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for å kunne foreta gyldige vedtak om låneopptak eller langsiktige leigeavtaler, samt at det blir kontrollert om budsjettvedtaka til desse kommunane/fylkeskommunane er lovlege.

Ål kommune har ikkje vore i nærleiken av å kome på ROBEK.

Ramme for 2021 budsjettet – generelt

Kommunebudsjettet skal innehalde driftsbudsjett og investeringsbudsjett. §14-4 i den nye kommunelova definerer følgjande:

Økonomiplanen skal viser korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planar skal følgjes opp.

Økonomiplanen og årsbudsjett skal vise kommunestyrets prioriteringar og løyvingar, mål og premissar. Det skal også vise utviklinga i kommunens økonomi, gjeld og andre vesentleg forpliktingar.

Vedtaket om årsbudsjett skal angi kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret. Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settas opp i balanse. Den skal vere realistisk, fullstendig og oversikteleg.

Driftsbudsjettet skal innehalde alle inntekter og utgifter i året, avsettingar til bruk i seinare år og avsetting til finansiering av tiltak i investeringsbudsjettet. Taldelen blir vist i to skjema.





ÅL KOMMUNE

Bevilgningsoversikt drift viser frie disponible inntekter, finanspostar og fondsbruk/-avsetting og endar opp i ein nettosum til fordeling på dei ulike sektorane/einingane. Skjema 1B viser fordeling av nettoramme på kvar sektor/eining.

Ål kommune får ein vekst i frie inntekter på 1,8 %, mens gjennomsnittet i Viken er 3,5 % og 3% på landsbasis. Det er ikkje realvekst i frie inntekter til Ål kommune. Ein deflator på 2,7% skulle tilseie ei auke og ikkje ein reduksjon.

Investeringsbudsjettet er ei oppstilling av investeringar, bruk av lånemidlar, forventa inntekter og innbetalingar. I tillegg kjem oppstilling over utlån og investeringstiltak.

Bevilgningsoversikt - invest. (budsjett) syner samla investeringar og finansiering, medan skjema 2B syner kvart prosjekt.

Endringar frå budsjettet for 2020

Kommunen sine inntekter legg ramma for aktiviteten i dei komande fire åra. Retningslinene for økonomisk styring, som kommunestyret tidlegare har vedteke, krev at ein ser handlingsramme, investeringsnivå og kraftverksoverskot i samanheng. Kommunestyret har justert handlingsramma gjennom vedteke investeringar finansiert ved låneopptak. Alle kraftpengane nyttast i drifta i rådmannens budsjettframlegg.

Utgangspunktet for utarbeiding av budsjettet for 2021 var ei vidareføring av 2020-nivå og innanfor dei forventa samla driftsinntektene.

Følgjande retningsliner er lagt til grunn i rådmannens budsjettframlegg:

Kommunen sine inntekter legg lista for totalramma. Det er synleggjort innsparingsbehov i rådmannen sitt endelege forslag for å få økonomisk balanse.

Særskilde driftstiltak for 2020 som ikkje skal vidareførast, er trekt ut av ramma, og nye særskilde vedteke tiltak/utgifter for 2021 er lagt inn.

Ramma til kvar avdeling/sektor vert justert og tilpassa slik at løn og sosiale utgifter vert budsjettert med lønssatsar etter forventa årets lønsoppgjer (2021).

I samsvar med tidlegare praksis, har rådmannen sett av ein sum på fellesområde 'til fordeling', for å dekke lønsjustering i 2021. Frå denne posten vil sektorar/ avdelingar få tilført midlar til å dekke opp verknaden av lønsoppgjeret neste år som ikkje er kjend når budsjettet blir vedteke.

På kap. 0 Fellesutgifter er det avsett en pott til lønsoppgjer i 2021. I tillegg er det budsjettert med ei leigeinntekt frå Vestre Viken på kr. 5,2 mill. på fellesområdet. Dette er generell husleige som ikkje skal synleggjerast på helsesektoren. Premieavvik er budsjettert etter estimert beløp frå KLP med kr. 15 mill.

Overskot/utbytte frå Ål kraftverk er budsjettert med kr. 19,5 mill. Dette brukast til å dekke opp renter og avdrag.





ÅL KOMMUNE

Ramme for 2021 budsjettet – inntektene

Bevilgningsoversikt – drift

	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Økoplan 2022	Økoplan 2023	Økoplan 2024
Alle tal i 1000 kr						
Kommunen sine frie inntekter:						
1 Skatt på inntekt og formue	-146 024 318	-148 831 000	-153 858 574	-153 858 574	-153 858 574	-153 858 574
2 Ordinært rammetilskot	-152 534 268	-156 246 000	-151 626 000	-151 626 000	-151 626 000	-151 626 000
3 Skatt på eigedom	-35 909 219	-36 350 000	-36 350 000	-36 350 000	-36 350 000	-36 350 000
4 Andre direkte og indirekte skattar	-7 828 215	-7 200 000	-7 200 000	-7 200 000	-7 200 000	-7 200 000
5 Andre generelle statstilskot	-10 222 427	-8 227 100	-8 411 500	-8 411 500	-8 411 500	-8 411 500
SUM FRIE DISPONIBLE INNTEKTER	-352 518 447	-356 854 100	-357 446 074	-357 446 074	-357 446 074	-357 446 074
Avskrivninger			34 268 675			
Netto driftsutgifter			-323 177 399			
6 Renteinntekter og utbytte	-30 941 517	-31 691 000	-21 451 000	-21 451 000	-21 451 000	-21 451 000
7 Renteutgifter, provisjonar og andre finansutgifter	8 512 846	10 980 000	5 538 362	5 537 362	5 537 362	5 537 362
8 Avdrag på lån	15 837 520	20 160 000	20 045 178	20 045 178	20 045 178	20 045 178
NETTO FINANSINNTEKTER/UTGIFTER	-6 591 151	-551 000	4 132 540	4 131 540	4 131 540	4 131 540
Motpostavskrivninger			-34 268 675			
Netto driftsresultat			-353 313 534			
Til dekning av tidlegare års meirforbruk		0		0	0	0
9 Til ubunde avsetningar	24 725 191	192 439	31 833	0	0	0
10 Til bunde avsetningar	8 949 742	7 664 000	7 570 000	7 570 000	7 570 000	7 570 000
Bruk av tidlegare års rekneskapsmessige mindreforb	-24 129 891	0	0	0	0	0
11 Bruk av ubunde avsetningar	-5 385 000	-8 387 000	-1 100 000	0	0	0
12 Bruk av bunde avsetningar	-8 391 642	-31 214 000	-10 789 934	-7 266 000	-6 834 000	-6 834 000
0 Sum disposisjon eller dekning av netto driftsresu	-4 231 600	-11 544 561	-4 288 101	304 000	736 000	736 000
13 Overført til investeringsbudsjettet	0	20 200 000	0	0	0	0
14 TIL FORDELING DRIFT	-363 341 198	-368 949 661	-357 601 635	-353 010 534	-352 578 534	-352 578 534
15 SUM FORDELTE TIL DRIFT (FRÅ SKJEMA 1B)	343 862 859	368 949 661	357 601 635	353 010 534	352 578 534	352 578 534
16 MEIRFORBRUK/MINDREFORBRUK	-19 478 339	0	0	0	0	0

Forklaring:

1. Skatt på inntekt og formue

Dei frie inntektene til kommunane består av rammetilskot og skatteinntekter. Nivået på dei frie inntektene blir bestemt ut frå pris- og lønsvekst, vekst i frie inntekter, innlemming av øyremerkte tilskot, satsingar over rammetilskotet og korreksjon av rammetilskot for oppgåveendringar. Når nivået på samla frie inntekter er fastsett, kjem ein fram til storleiken på samla rammetilskot ved å trekkje anslaget for skatteinntekter frå nivået på samla frie inntekter. Det overordna føremålet med inntektssystemet er å bidra til at kommunane kan gje eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. Ved fordelinga av rammetilskotet tek ein omsyn til strukturelle skilnader i kommunane sine kostnader (utgiftsutjamning) og skilnader i skatteinntektene (skatteutjamning).

Ål kommune har tidligare hatt ca. landsgjennomsnittet pr. innbyggjar i skatteinngang. Kommunen blir kompensert eller nedjustert for noko av dette gjennom inntektsutjamning, men ikkje alt.





ÅL KOMMUNE

2. Rammetilskot

Frie inntekter

Det nye inntektssystemet legg opp til mindre øyremerking og meir ressursar som frie og disponible for kommunane. Frie midlar utgjer no 85 % av kommunanes samla inntekter.

På bakgrunn av systemendringar og fordelingsverknader mellom skatteinntekt og rammetilskot ser rådmannen det tenleg å sjå desse inntektene i samanheng for å få oversyn over historikk og utvikling.

Kommuneproposisjonen og statsbudsjettet

Kommunen sine "frie inntekter" blir i stor grad fastsett av Stortinget gjennom rammer til kommunesektoren og fastsetjing av det kommunale skatteøre. Regjeringa legg opp til ein realvekst i kommunesektoren sine samla inntekter i 2021 på kr.2 mrd. Vidare legg Regjeringa opp til realvekst i frie inntekter på knapt 1,6 mrd. kroner, det tilsvarar ein realvekst på 0,5 %.

Deflator for 2021 er sett til 2,7 % (utgiftsauke). Ål kommune får ein auke i frie inntekter på 1,8 %, det vil sei at Ål kommune ikkje får frie inntekter som dekker forventa utgiftsauke.

Hovudpunkt med verknad på økonomiplanen og statleg overføring :

For kommunebudsjettet og utviklinga i kommunen er det dei frie inntektene som betyr mest. Her er anslaget for Ål kommune ein nominell vekst i 2020 på 2,4 % frå forventa inntekt i 2019. Kostnadsveksten i kommunane er berekna til å bli 3,1 % (deflator).

Rammetilskotet er basert på innbyggjartal frå 01.07.2020 med 4 688 personar.

Storleiken på, og utvikling av dei frie inntektene, er særleg avgjerande for vurderinga av dei økonomiske føresetnadane og handlefridomen ein kan leggje til grunn i økonomiplanen.

Rammetilskotet for Ål inneheld: Innbyggjartilskot, utgiftsutjamning, saker med særskild fordeling, inntektsgarantiordning, inntektsutjamning og distriktstilskot. Forventa rammetilskot for 2021 utgjer kr. 151 626 000.

Innbyggjartilskotet blir i utgangspunktet fordelt med eit likt beløp pr. innbyggjar. Tilskotet blir omfordelt ved at ein tek omsyn til utgifts- og inntektsutjamning. Innbyggjartilskotet blir basert på folketal pr. 01.07. året før budsjettåret.

Utgiftsutjamning skjer ved ei omfordeling av delar av innbyggjartilskotet frå kommunar som er *lettdrivne* til kommunar som er *tungdrivne*. Kriteria som blir lagt til grunn er objektive og kommunen kan ikkje sjølv påverke desse. Ål kommune blir etter dei objektive kriteria rekna for å ha eit utgiftsbehov i 2021 som er 7,23 % høgare enn landsgjennomsnittet. Dette avviket får kommunen kompensert med til saman kr. 19,1 mill.

Inntektsutjamning: Pr. august 2020, ligg Ål an til å få ein skatteinngang på 97,9 % av landsgjennomsnittet. Ut frå dette og systemomlegginga (inntektsgaranti for alle kommunar) er det berekna ein utjamning på kr.153.000.





ÅL KOMMUNE


Inntektsgarantiordninga: Utslag av inntektssystemet som mellom anna skal bidra til meir fordeling mellom kommunane (inntektsgaranti-INGAR) og kompensasjon for demografisk utvikling og kostnadsstruktur. Ål kommune blir kompensert med kr. 7 431 000 i 2021.

Distriktstilskot vart innført i 2009. Utarbeidd med bakgrunn i kommunen sin demografi, geografi og skatteinngang. Ål kommune får kr. 4 104 000 i 2021.

Overføring av rammetilskot frå staten blir tilpassa kommunen sine objektive behov og til vår utvikling i tal innbyggjarar i forhold til landets befolkningsutvikling. Det vil seie at overføringane mellom anna er knytt opp til tal barn på ulike aldersnivå og til tal eldre på ulike aldersnivå. Dette utgjør ein stor del av rammeoverføringa. Når tal barn blir redusert, blir rammeoverføringa redusert tilsvarande. Det same gjeld for tal eldre.

Det har vore ein tydeleg trend i kommunen at tal barn blir færre. Fødselstalet har gått ned, og det samla elevtalet er minkande. Det fører til betydeleg reduksjon i dei statlege overføringane. På same tid ser vi ein trend til at tal eldre aukar, det fører til auka statlege overføringar. Samla sett gjer dette at dei statlege overføringane er relativt konstante. Fordelinga internt i kommunen må ta omsyn til dette. Det objektive behovet peikar mot ei ytterlegare dreining av ressursar frå oppvekst til helse.

KS' prognose for utvikling i utgiftsbehov utfrå SSB-statistikk:



Ut frå analyse, informasjonen frå KRD, KS og egne tal tilrår rådmann følgjande :

- Skatteanslaget for 2021 vert sett til kr. 153 858 mill.
- Rammetilskotet for 2021 vert sett til kr. 151 626 mill.

Til saman kr. 305,4 mill.





ÅL KOMMUNE

3. Skatt på eigedom

Ål kommune har eigedomsskatt på næringsseigedomar med 7 promille i skatteøre. Hovudtyngda (ca. kr.18,8 mill.) av skatten kjem frå kraftproduksjonsanlegg og overføringsliner. Berekning frå eigedomsskattekontoret synte ein prognose på 24,2 mill. kr i 2021. Det vert også lagt inn eit anslag på kr. 12,1 mill. for private og fritidsbustad. Totalt anslag på eigedomsskatt for 2021 er på kr. 36,3 mill.

4. Andre direkte og indirekte skattar

Eigarar av større vasskraftverk har plikt til å levere ein del av krafta som blir produsert til kommunane som blir berørt av kraftutbygginga, såkalla konsesjonskraft. Føremålet med konsesjonskrafta er å sikra vertskommunane ein del av verdiskapinga som vasskraftutbygginga gjev opphav til. Vertskommunane bidreg gjennom avståing av verdfulle naturressursar til denne verdiskapinga. Vasskraftverka betalar då ei avgift til kommunane. Avgifta er stabil og rådmannen tilrår 7,2 mill. kroner i året i heile planperioden. Heile beløpet blir avsett til næringsfond.

5. Andre generelle statstilskot

Frie statstilskot: I tillegg til rammetilskotet frå staten får kommunen fleire generelle statstilskot som ikkje er øyremerka spesielle tiltak/føremål. Dei er ein del av kommunen sine frie disponible inntekter. Tala er basert på faktisk tilskot i 2020, føringar i kommuneproposisjonen og forventa rentenivå.

Det er søkt om busetting av flykningar i 2021. Dette er svært usikkert, vi har ikkje lagt det inn i budsjettframlegget. Budsjettert integreringstilskot er på kr. 7,1 mill. for 2021.

Rentekompensasjon i samband med oppgradering /investering er lagt i budsjettforslaget. Beløpet utgjer etter opplysningar frå Husbanken, kr. 1,3 mill. for 2021.

Renteinntekter og utbytte

Ål kommune har god likviditet og ein del pengar ståande på fond, men innskotsrenta er låg. I budsjettet er det lagt inn forventa renteinntekt i 2021 på kr. 1,7 mill. Det er forventa eit utbytte frå Ål kraftverk i 2021 på kr. 19,5 mill. Dette er ein nedgang på kr. 10 mill. i kraftinntekter frå 2020 til 2021

6. Renteutgifter

Ål kommune har ved utgangen av 2020 ei lånegjeld på kr. 436,6 mill. Gjennomsnittsrenta på låna dei siste 12 månader er 1,16 % (2,31 % på same tidspunkt i fjor). Renteprognose for 2021 er på 1,06 %. Rådmannen budsjetterer med ein renteutgift på ca. kr. 5 mill.





ÅL KOMMUNE

7. Avdrag på lån

Kommunelovens §14-14 seier:

« § 14-14 *Vilkår for å ta opp lån*

Kommuner og fylkeskommuner kan ta opp lån til formålene som er nevnt i §§ 14-15 til 14-17, og til andre formål som det er hjemmel til i annen lov. Eksisterende lån kan refinansieres.

Kommuner og fylkeskommuner kan bare ta opp lån innenfor de rammene som kommunestyret eller fylkestinget selv har vedtatt. Det kan bare tas opp lån etter § 14-15 første og andre ledd, § 14-16 og § 14-17 første ledd og til formål som har hjemmel i annen lov, **hvis tiltaket har hjemmel i en bevilgning i investeringsbudsjettet.**

Kommuner og fylkeskommuner kan etablere et lånefond. Et lånefond skal ha eget budsjett og

regnskap. Bestemmelsene i denne paragrafen og §§ 14-15 til 14-17 gjelder også for opptak av lån til lånefondet.

Før kommuner eller fylkeskommunen inngår låneavtaler, **skal de dokumentere overfor avtaleparten at**

- lån tas opp til et lovlig formål
- lån er innenfor de rammene som kommunestyret eller fylkestinget har vedtatt
- tiltaket som lånet skal finansiere, har hjemmel i en bevilgning i investeringsbudsjettet, hvis lånet tas opp etter § 14-15 første eller andre ledd, § 14-16 eller § 14-17 første ledd eller til formål som har hjemmel i annen lov.

En avtale om lån er ikke gyldig hvis kommunens eller fylkeskommunens långiver forsto eller burde ha forstått at låneopptaket er i strid med første eller andre ledd.

Alle lån i kommunen er serielån med like avdrag kvart år i lånet si løpetid. Det er difor lett å halde oversikt over kva avdrag kommunen skal betale frå år til år. Løpetida på Ål kommune sine lån varierer mellom 20, 25 og 30 år. Ut frå forventa investeringar og låneopptak i planperioden, vil avdraga for 2021 ligge på kr. 20 045 000.

8. Til bunde avsetningar

Heile konsesjonskraftinntekta på kr. 7,2 mill. blir avsett til Næringsfond. I tillegg blir renter av bunde fond som Næringsfond, Jordbruksfond, Fiskefond, Gåvemiddelkonto, avsett til bunde fond.

9. Bruk av ubunde avsetningar

Rådmannen ynskjer ikkje ei utvikling som legg fondsbruk inn som ein del av driftsgrunnlaget over tid. I 2021 brukast disposisjonsfond til å dekke eigen kapital innskot i KLP og investeringar til kyrkja.

10. Bruk av bunde avsetningar

Bunde avsetningar er inntekter som ved lov eller øyremerking frå ekstern gjevar, er gjeve til eit bestemt føremål. Avsetning og bruk av bunde avsetningar blir i hovudsak ikkje budsjettert. Bruken av næringsfondet er regulert i vedtekter. Pengar frå fondet blir stort sett delt ut som tilskot, men noko går også til drift som rettar seg mot næringslivet i kommunen. Føremålet med næringsstilskot er å stimulere til nyskaping, nyetablering, knoppskyting, kompetanseheving eller andre utviklingstiltak tufta på varige og lønsame arbeidsplassar og verksemder i samsvar med Strategisk næringsplan sine mål og satsingsområde.





Oversikt over bruk i 2021:

Negativt forteikn		2020	2021	2022	2023	2024
<i>Næringsfondet:</i>						
Næringskontor	917	-857 000	-829 000	-829 000	-829 000	-829 000
Tilskot Ål utvikling	901	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Næringsstilskot	903	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000	-1 200 000
Tilskot Kleivi næringspark	939	-535 000	-432 000	-432 000		
Tilskot løypekøyring	946	-1 170 000	-1 170 000	-1 000 000	-1 000 000	-1 000 000
Arrangementsfond	918	-330 000	-280 000	-230 000	-230 000	-230 000
Hallingdal Etablerarsenter	962	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000	-250 000
Budeienettverk	907	-16 000	-16 000	-16 000	-16 000	-16 000
Bry til Rødungen	908	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000	-20 000
Prosjekt for FoU	976	-620 000	-625 000	-625 000	-625 000	-625 000
Idrett og arrangementskoordinator		-110 000	-110 000	-100 000	-100 000	-100 000
Inn på Tunet	882			-100 000	-100 000	-100 000
Feten-Flævatn (veg)	909	-33 000	-33 000	-33 000	-33 000	-33 000
Geodataing 6020		-135 000	-125 000	-125 000	-125 000	-125 000
Sykelstig i fjellet	941	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Garasjeplassar Familiens hus		-20 000				
Tilskot Leveld kunstnartun		-100 000	-100 000	-100 000	-100 000	-100 000
Sykkelsatsing	925	-250 000	-650 000	-250 000	-250 000	-250 000
Driftstilskot Hallingdal feriepark		-50 000	-50 000			
Spran- driftleiar	396	-290 000	-260 000			
El-bil satsing			-500 000			
Utmarksoppsyn	231		-100 000			
Bo-og billyst	390	-300 000	-300 000	-200 000	-200 000	-200 000
sum		-8 083 000	-8 750 000	-7 010 000	-6 578 000	-6 578 000
Sjølvkostfond		-2 279 000	-1 087 934			
<i>Jordbruksfondet:</i>						
Tilskot frå jordbruksfondet	919	-240 000	-540 000	-240 000	-240 000	-240 000
<i>Fiskefondet:</i>						
Tilskot frå fiskefondet	920	-16 000	-16 000	-16 000	-16 000	-16 000
Fond lærlinger	367	-396 000	-396 000			
Wangen - via overføring fra drift til investering		-10 000 000				
Bruk av avsatte midler til kulturbygg		-10 200 000				
SUM		-31 214 000	-10 789 934	-7 266 000	-6 834 000	-6 834 000

11. Til fordeling drift

Når ein legg saman frie inntekter, netto finansinntekter/-utgifter og netto avsetningar, får ein summen som kan fordelast som ramme på dei ymse driftsområda. For 2021 er ramma kr. 352 151 635.

12. Overført til investeringsbudsjettet

Ingen overføring til investeringsbudsjettet for 2021.

13. Sum fordelt til drift

Sum fordelt til drift er henta frå skjema 1B.





ÅL KOMMUNE

Ramme for 2021 budsjettet – utgiftene

Løn og pensjon

Anslag på det sentrale og lokale lønsoppgjøret i 2021 ligg på ca. 2,2%.

Netto pensjonskostnaden som kommunen må dekke inn i budsjettet (KLP), er pr. oktober 2020 berekna til ca. 27,5 mill.kr.

Hittil i år har det lønt seg for kommunen å være sjølv-assurandør i AFP-ordninga. Med fleire føreståande innmeldingar i AFP-ordninga er det nå lønnsamt for kommunen til å gå over til 100% utgjeving.

På pensjon er det ein forskjell på det ein betalar og det ein bokfører og set inn i budsjettet. Denne forskjellen kallast premieavvik. Over tid har vi betalt meir enn vi har bokført.

Slike utbetalingar vil ha budsjettkonsekvens over tid, men i fyrste omgang redusere bankinnskot og renteinntekt. Kommunen nyttar seg av ein 7-års regel for å fase dei store avvika inn i budsjett og rekneskap. Denne regelen vert stadig stramma inn. Det betyr større årlege pensjonskostnadar og eit strammare budsjett.

Avgiftsnivå og betalingsattsar

Sattsar for kommunale gebyr og avgifter blir handsama som eigne saker.

Budsjettrundskrivet har elles ein auke på andre inntekter tilsvarande deflator for 2021 på 2,7 %.

Inntektsramma på drift skal dekke netto finanspostar, netto avsetnader og driftsramma som er tildelt den einskilde driftseining og budsjettansvarleg. Med andre ord er det slik at drifts-inntektene bestemmer ramma (sjå skjema bevilgningsoversikt drift).

Skjema 1B – drift

Nærare omtale av korleis tala for kvar sektor kjem fram, blir synleggjort i kvar eining si planomtale. Både brutto inntekts- og utgiftramme og nettoramma kan ha store endringar på det einskilde budsjettområdet frå år til år. Dels kjem det av generelle endringar, men mest av tekniske flyttingar mellom områda. Bruttoamma er kr. 352 151 635, og er eit bilete på samla aktivitet.





ÅL KOMMUNE

SKJEMA 1B - DRIFT

Alle tal i 1000 kr	Rekneskap 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Økoplan 2022	Økoplan 2023	Økoplan 2024
Til fordeling (0)						
Sum inntekter	-5 280 046	-17 230 000	-20 230 000	-20 230 000	-20 230 000	-20 230 000
Sum utgifter	-13 240 844	6 500 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
Netto driftsramme	-18 520 890	-10 730 000	-14 230 000	-14 230 000	-14 230 000	-14 230 000
Administrasjon og fellestjenester (1)						
Sum inntekter	-61 837 153	-61 162 000	-57 261 366	-57 261 366	-57 261 366	-57 261 366
Sum utgifter	103 403 561	106 510 497	103 125 236	103 125 236	103 125 236	103 125 236
Netto driftsramme	41 566 408	45 348 497	45 863 870	45 863 870	45 863 870	45 863 870
Oppvekstsektor (2)						
Sum inntekter	-44 367 122	-20 596 000	-19 699 000	-19 699 000	-19 699 000	-19 699 000
Sum utgifter	159 269 103	139 707 000	135 648 000	135 648 000	135 648 000	135 648 000
Netto driftsramme	114 901 981	119 111 000	115 949 000	115 949 000	115 949 000	115 949 000
Helse- og sosialsektor (3)						
Sum inntekter	-74 294 451	-54 390 000	-54 442 000	-54 442 000	-54 442 000	-54 442 000
Sum utgifter	209 948 761	192 819 000	192 015 548	192 015 548	192 015 548	192 015 548
Netto driftsramme	135 654 310	138 429 000	137 573 548	137 573 548	137 573 548	137 573 548
Kultursektor (5)						
Sum inntekter	-5 438 587	-4 267 000	-4 236 500	-4 236 500	-4 236 500	-4 236 500
Sum utgifter	16 458 133	16 288 000	16 071 000	16 071 000	16 071 000	16 071 000
Netto driftsramme	11 019 547	12 021 000	11 834 500	11 834 500	11 834 500	11 834 500
Drift og vedlikehold (6)						
Sum inntekter	-34 466 326	-12 687 000	-15 656 000	-15 656 000	-15 656 000	-15 656 000
Sum utgifter	95 077 441	78 457 164	76 980 213	76 980 213	76 980 213	76 980 213
Netto driftsramme	60 611 115	65 770 164	61 324 213	61 324 213	61 324 213	61 324 213
Sjølvkostområda (7)						
Sum inntekter	-30 534 812	-29 672 725	-32 154 894	-32 154 894	-32 154 894	-32 154 894
Sum utgifter	23 757 177	23 233 725	24 847 398	24 847 398	24 847 398	24 847 398
Netto driftsramme	-6 777 635	-6 439 000	-7 307 496	-7 307 496	-7 307 496	-7 307 496
Andre einingar (8)						
Sum inntekter	-38 780 688	0	0	0	0	0
Sum utgifter	45 060 778	5 435 000	6 195 000	6 195 000	6 195 000	6 195 000
Netto driftsramme	6 280 091	5 250 000	6 195 000	6 195 000	6 195 000	6 195 000
Inntekter/utgifter (9) som ikkje er med i skjema 1A						
Sum inntekter	-630 410	-36 000	396 000	396 000	396 000	396 000
Sum utgifter	-241 658	40 000	3 000	3 000	3 000	3 000
Netto driftsramme	-872 068	-397 000	399 000	399 000	399 000	399 000
FORDELTE TIL DRIFT	343 862 859	368 363 661	357 601 635	353 010 534	352 578 534	352 578 534
TIL FORDELING DRIFT (1A)	-363 341 198	-368 949 661	-357 601 635	-353 010 534	-352 578 534	-352 578 534
DIFFERANSE	-19 478 339	0	0	0	0	0

Forklaring til skjema 1B:

Til fordeling (0): Budsjettert premieavvik KLP 2021 med 15 mill. ligg her. Kr. 5,2 mill. er husleigeinntekt frå Vestre Viken.

Tiltak som ble vedteken av kommunestyret desember 2019 for budsjettet 2020 med eit årsverknad, som måtte fjernes frå budsjettgrunnlaget for 2021:

Kr. 200 000 rekruttering

Kr. 150 000 møtegodtgjørsle i barnehage

Kr. 300 000 sommarjobb (50% finansiert frå disp.fond og 50% frå flykningsfond)

Kr. 100 000 utmarksoppsyn

Kr. 2 600 000 ressurs til elevar med hjelpebehov

Kr. 1 600 000 til grunnbemanning pleie-og omsorg

Kr. 937 000 Tilskot til Bakketun

Kr. 2 500 000 Tilskot til Elvelangs

Totalt: 8 387 000





ÅL KOMMUNE

Rådmannen forslag til disponering/ prioritering av foreløpig resultat for budsjettet 2021 endra jfr. formannskapsvedtaket i møte den 9.11 og 7.12.20:

Mogleg innsparing	Tilrår	
IKT	50	
Tunet	200	
Fysio/ergo, drosje	100	
Psykisk	131	
Kommunepsykolog	250	ikkje varig
Kommuneoverlege	150	ikkje varig
PPT	50	
Grunnskule 1,5 stilling	940	omdisponert
Bhg	440	omdisponert
vakans kulturskula	40	ikkje varig
Innvandrarteneste, red stilling	94	
Fellestener, porto	42	
Fellestener, tlf.	15	
Stilling bibliotek	0	ikkje omdisponert av f-skap
Folkehelse	310	ikkje varig
Reinhald 55% stilling	223	Omdisponert til materiell
	3135	
mindreforbruk i budsjettet	5100	0
	8135	

Ønske om auka driftsrammer	1000	omdisponerte	prio i	Viss auka eigedomsskatt med	1promille
Auke forbruksmateriell reinhald (Korona)	223	100			
40% HR	350		350		
Ekstrahjelp pott helse	1800		1 800		
Basistilskot legar	700	700			
Prosjekt ny giv i kulturhuset	250		50		
Ål kulturhus drift	600		550	50	
Språkressurs bhg	250		250		
Møteressurs bhg	150		150		
lærlingelønn	195		195		
Miljøretteleiarar i skulen	2 600	1 380	220	300	300
Driftsramme veg-park/byggforvalt/reinhald	500		170	130	
100% stilling byggforvaltning	600				600
prosjekt samordning familienshus	400		400		
Mentorordning	200		100	100	
KE auke frå 75% til 100%	150		150		
Rekruttering sjukepl heiltid	500			400	
Ferievikarar uteseksjonen	200		200		
Aktiv ung	150		150		
Adgangskontroll Ål helsetun pga corona	300				300
Demensomsorg	1 200			200	550
Ressurskrevjande brukarar	2 400				
BPA	700				
Ansvarssjukepleiar Nigarden 20%	150		150		150
Interkommunal legevakt	50				
Unge brukarar	300		300		
Ansvarssjukepleiar Stugu 60%	450				
Ål IL stilling	450			300	
SFO	170		0	170	
Jordmorteneste	160		160		
Tidleg innsats skule	1 000		400	600	
Innovasjonskontor (søke og følge opp					350
Oftare møte for SUKO og SHO			210		
Sum	16	2 180	5 955	2 250	2 250
Innspart /auka inntekt			8 135	2 250	2 250
Til disposisjon			0	0	0





ÅL KOMMUNE

INVESTERINGAR

Kva er skille mellom investeringsutgift og driftsutgift?

Ål kommune sin økonomi er innretta slik at det historisk sett har vore mest press på driftsbudsjettet, medan investeringsbudsjettet har verka romslegare i og med at investeringar i hovudsak har blitt finansiert med kraftinntektene. Situasjonen i dag er at det er behov for kraftinntektene i drifta, så det er ikkje rom får å setja av desse til investeringar. Kommunestyret har lagt føringar for større investeringar som krev låneopptak.

Å binde opp kraftoverskotet til driftsutgifter er ikkje ynskjelig fordi det vil gjera drifta avhengig av endringar i energiprisane, både marknadspris og sjølvkostpris.

Beløpsgrensa for å rekne prosjekt som investeringsobjekt med varig eige og vesentleg verdi er kr 100.000. Kommunane vert oppmoda om å følgje anbefalingane i rekneskapsstandarden. Mindre investeringar kan såleis ikkje budsjetterast i investering og finansierast med lånemidlar, men må dekkast inn over driftsramma.

Løyvingar på investering er inklusiv mva (brutto), bortsett frå på sjølvkostområdet, der løyvingar er eksklusiv mva (netto). Løyvingar i drift er eksklusiv mva (netto).

Vurdering og prioritering

Rådmannen har justert noko på finansieringa i planperioden ut frå forventa framdrift.

Investeringane innanfor sjølvkostområdet vil kunne medføre endring på gebyr.

Rådmannen legg opp til eit moderat investeringsnivå i 2021.

Investeringsramme –bruk av kraftoverskot

Årleg renter og avdrag på investeringa i kommunen skal ikkje overstige forventa og disponibelt årleg overskot frå Ål kraftverk.

Budsjettet overskot frå kraft er på kr. 19,5 mill. medan renter og avdrag utgjer kr. 25,1 mill. Målet for komande økonomiplanperiode er å dekke desse kostandar innanfor overførte utbytte.





ÅL KOMMUNE

Rådmannen si skisserte ramme til investeringar kjem fram i skjema 2b (nedanfor). Investeringane og finansieringa er vist i skjema 2A og 2B under.

Bevilgningsoversikt – Investeringar, hovudoversikt

Alle tal i 1000 kr	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Økoplan 2022	Økoplan 2023	Økoplan 2024
1 Investering i anleggsmidler (frå skjema 2B)	39 202 000	27 920 000	42 800 000	31 350 000	19 150 000
2 Kjøp av aksjer	1 450 000	1 355 000	1 450 000	1 450 000	1 450 000
3 Utlån og forskottingar	4 000 000				
4 Avdrag på lån	1 926 000				
Avsetningar	0	0	0	0	
ÅRETS FINANSIERINGSBEHOV	46 578 000	29 275 000	44 250 000	32 800 000	20 600 000
Finansiert slik:					
5 Bruk av lånemidler	-12 863 000	-23 586 000	-35 580 000	-26 080 000	-16 320 000
6 Bruk av lån Husbanken	-4 000 000	0			
Inntekter frå sal av anleggsmidler	0	0	0	0	0
Tilskot til investeringar	0	0	0	0	0
7 Motteke avdrag på utlån	-1 926 000	0			
8 Mva-kompensasjon	-6 139 000	-4 334 000	-7 220 000	-5 270 000	-2 830 000
SUM EKSTERN FINANSIERING	-24 928 000	-27 920 000	-42 800 000	-31 350 000	-19 150 000
Overført frå driftsbudsjettet (frå skjema 1A)	-20 200 000	0	0	0	
3 Videre utlån		4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
6 Bruk av lån Husbanken til vidareutlån		-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000	-4 000 000
4 Avdrag på lån til vidare utlån		1 926 000	1 926 000	1 926 000	1 926 000
7 Motteke avdrag på utlån		-1 926 000	-1 926 000	-1 926 000	-1 926 000
Netto utgifter til vidareutlån		0	0	0	0
Netto avsetningar/bruk av bunde fond					
9 Netto avsetningar/bruk av ubundet fond	-1 450 000	-1 355 000	-1 450 000	-1 450 000	-1 450 000
SUM FINANSIERING	-46 578 000	-29 275 000	-44 250 000	-32 800 000	-20 600 000
UDEKKA/UDISPONERT (+/-)	0	0	0	0	0

1. Totale investeringar jf. 2B
2. Eigenkapitalinnskott KLP
3. Startlån
4. Innbetaling av avdrag på lån i Husbanken (startlån)
5. Låneopptak
6. Låneopptak Husbanken til vidare utlån
7. Motteke avdrag på startlån (frå låntakar)
8. Prognose mva-kompensasjon
9. Kommunen kan ikkje låne til kjøp av aksjar, må bruke av fond.





ÅL KOMMUNE

Skjema 2B – Investeringar, oversikt over prosjekt

Nr.	Prosjektnamn:	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Økoplan 2022	Økoplan 2023	Økoplan 2024
	Felles :					
	Egenkapital innskot KLP	1 450 000	1 355 000	1 450 000	1 450 000	1 450 000
	Kyrkja investeringar 2022 til 2024			450 000	450 000	450 000
141	Fellespott utstyr/inventar	450 000	900 000	900 000	900 000	900 000
	Sum for Felles/rådmann	1 900 000	2 255 000	2 800 000	2 800 000	2 800 000
	Drift og utvikling					
043	Sundrevegen 37, 4 omsorgsbudstad		1 800 000			
124	renovering av leiligheter Brattebakken	600 000	900 000	900 000	900 000	
	adgangskontroll Tingstugu			1 000 000		
125	utskrifting av maskiner veg og park	400 000	3 000 000	1 000 000	500 000	1 000 000
	ventilasjonanlegg Tingstugu			4 000 000		
020	ventilasjon helsehuset		600 000			
085	Bustad-/Næringstomt(næring-/ utb-fond)	400 000				
174	Grunnkjøp	200 000	200 000	200 000		
133	Sentrumsutvikling	600 000		300 000	300 000	
021	Landmålarutstyr		150 000			
023	Idretts hall, renovering av golv		600 000			
022	idretts hall, læsesystem		300 000			
	idretts hall renovering av garderober, toalettanlegg m.m.			2 500 000		
	Idretts hall, nytt tak etterisolering				6 000 000	
	planfri gangkrussing Oppsjøtippen			8 000 000		
171	Opprusting veg /asfaltering	3 500 000	1 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000
126	gateljos	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000
032	Branntrygging	0	1 100 000			
112	Sambinding gangsti Stasjonsvegen-Sundrejordet	0	1 500 000			
066	Trafikktryggleik	2 250 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000
127	Turveg Oppsjø	920 000	200 000			
	Restaurering av kastebua					
173	Geovekst	125 000				
13	Wangen	17 000 000		5 000 000		
002	Gangveg Gullhagen	500 000				
	Gangbru Wangen Granhagen				8 000 000	
	gangveg Wangen-bru Lya			1 750 000		
	Sum for drift og utvikling	26 795 000	13 650 000	29 950 000	21 000 000	6 300 000
	Helse- og omsorgssektoren					
116	God stugu, renovering avtrekksaggregat og varmvatn		200 000			
	Behandlingsbasseng					6 000 000
117	Nye digitale tryggingsalarmer	200 000				
132	Prestegardsjordet(avd miljøterapi)	500 000	400 000	500 000		
095	Velferdsteknologi	300 000		500 000	500 000	
096	Bilar helse/sosial, heimetenester		600 000	600 000		
003	Møbler til Stugu	400 000	400 000			
	Sum for helsesektoren	1 400 000	1 600 000	1 600 000	500 000	6 000 000
	Kultur					
048	Oppgradering kinoutsyr, nytt lerret og kinomaskiner		1 935 000			
103	Ål kulturhus utbygging		635 000			
004	Tilskot kommunaldel - Bakketun	0	0			
	ny trapp aust for kulturhuset			200 000		
	Forskuttering av spillemidler generellt			1 000 000	1 000 000	1 000 000
	Sum for Kultursektoren	0	2 570 000	1 200 000	1 000 000	1 000 000
	Oppvekstsektor					
087	IKT-utstyr	500 000	250 000	500 000	500 000	500 000
040	Oppussing Nedre Ål skule	1 300 000	2 000 000		0	
	Oppussing Skattebøl skule			2 000 000	1 000 000	
181	Sundre bhg, ventilasjonsaggregat vestre bygg Läven		200 000			
	Drenering Sando barnehage				1 500 000	
072	Leikeapparat skule/barnehage jf.plan		250 000			
005	Vognskur Sundre barnehage	250 000				
028	Utskifting læremidler		250 000	500 000	500 000	
	Sum for oppvekstsektoren	2 050 000	2 950 000	3 000 000	3 500 000	500 000
	SUM INVESTERINGAR	32 145 000	23 025 000	38 550 000	28 800 000	16 600 000
	Finansiering					
	Låneopptak					
	overføring frå drift til investering - Bruk av budne fond	-4 356 000	-17 336 000	-29 880 000	-22 080 000	-12 320 000
	overføring frå drift til investering - Bruk av næringsfond	-10 000 000		0		
	Mva-refusjon	-6 139 000	-4 334 000	-7 220 000	-5 270 000	-2 830 000
	Sal av kommunale bygg (Doktorn)?	0		0		
	Ekstraordinært avdrag lån	0	0	0		
	Bruk av disposisjonsfond	-1 450 000	-1 355 000	-1 450 000	-1 450 000	-1 450 000





ÅL KOMMUNE

Prognose frå KLP. Det er ikkje høve til å låne til dette.

Nr. 141 Pott til uforutsette utgifter, kan berre nyttast i investering pga. lånefinansiering.

Nr. 043 Sundrevegen 37, 4 omsorgsbustad

Nr. 124 Omsorgsleilegheitene i Brattebakken treng standardheving (bad, kjøkken, golv, betre isolering og nye vindauge), lagt inn midlar til å kunne heve standard på 2 husvere årleg.

Nr. 125 Det har ikkje vore sett av midlar til utskifting av maskinparken dei siste åra, maskinene er i bruk mange hundre timar årleg og følgjande utskifting er naudsynt framover: minitraktor og skjær i 2019, kantklippar i 2020, gravemaskin og traktor i 2021.

Nr. 020 Ventilasjon helsehuset etter lovkrav.

Nr. 174 Diverse grunnkjøp, gamle saker.

Nr. 021 Utstyr til landmålar

Nr. 023 Renovering av golv på idrettshall

Nr. 022 Nytt låsesystem idrettshall

Nr. 171 Opprusting/asfaltering som vegplanen tilrår for å unngå aukande forfall.

Nr. 126 Årlege midlar til utskifting av armaturar. Totalt skal 380 gamle armaturar som må skiftast til ein kostnad på om lag kr 6 500 pr. stk.

Nr. 032 Branntrygging diverse kommunale bygg

Nr. 112 Sambinding gangsti Stasjonsvegen-Sundrejordet

Nr. 066 Jf. prioriterte tiltak i plan for trafikktryggleik. Eigne kommunale midlar som dekker 40% av kostnadsoverslag kan utløyse tilskot frå staten til resterande 60%.

Nr. 127 Ål IL sitt prosjekt, spleiselag med mange ulike finansieringskjelder. Vil gjera elva tilgjengeleg for bebuarane på helsetunet og resten av innbyggjarane. Viktig for folkehelse og nærfriluftsliv.

Nr. 116 God stugu, renovering avtrekksaggregat og varmvatn.

Nr. 132 Renovering av g prestegardsjodet avd. miljøterapi

Nr. 096 Bilar, helse-og sosial, heimeteneste.

Nr. 003 Møbler til stugu.

Nr. 048 Oppgradering kinoutstyr, nytt lerret og kinomaskiner

Nr. 087 IKT-investering: Oppvekstsektoren i Ål er i gang med å innføre og å ta i bruk digitale verktøy for alle elevar i grunnskulen.

Nr. 040 Oppussing av Nedre Ål skule.

Nr. 181 Sundre bhg, ventilasjonsaggregat vestre bygg Låven.

Nr. 072 Leikeapparat skule/barnehage jf.plan.

Nr. 028 Utskifting læremidlar.

Låneopptak er ekskl. sjølvkost. Det er ikkje høve til å låne til aksjar (eigenkapitalinnskot KLP), dette må dekkast av disposisjonsfond.

Kyrkja har søkt om kr. 700 000 til nytt tak til administrasjonsbygg. Disse er innarbeida i driftsbudsjettet og finansiert av disposisjonsfond.





ÅL KOMMUNE

Skjema 2B – Investeringar, oversikt over prosjekt sjølvkost

nr.	Prosjektnamn:	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Økoplan 2022	Økoplan 2023	Økoplan 2024
	Sjølvkostområdet					
172	Rehabilitering ledningsnett	500 000	3 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
121	Overføringsledning Votndalen	2 707 000	1 000 000			
006	Ny brønn Torpo VV ved Hallingselva	2 000 000				
	Bil 3 H1			600 000		
092	Renovasjonspunkt	300 000	1 500 000	1 000 000		
	Reserve for prosjekte Haugen					
	Golv gamle rensanlegg			100 000		
050	Overvåking Rødunungen RA		250 000			
050	Overvåking Bergsjøstølen PA		250 000			
050	Overvåking Slakteplassen PA		250 000			
	Sum Vatn, avlaup, renovasjon	8 507 000	6 250 000	5 700 000	4 000 000	4 000 000
Finansiering						
	Låneopptak	-8 507 000	-6 250 000	-5 700 000	-4 000 000	-4 000 000
	Bruk av kapitalfond	0	0	0		
	Bruk av næringsfond	0	0	0		
	Bruk av disposisjonsfond	0				

Nr.172 Løypande oppgradering etter prioriteringsliste.

Nr.121 Arbeid i Votndalen.

Nr.092 Arbeid med nedgraving av nye kontainarar for avfall, utskifting 1 kvart år

Nr. 050 Overvåkingsanlegg.

Selskap og samarbeid utanfor kommunens organisasjon

Samarbeid / selskap	Budsjettansvarleg	2019	2020	2021	endring frå 2018	% auke
		Rekneskap	Budsjett	Framlegg		
Innkrevning/skattekontoret	Økonomiavd.	1 027 895	1 126 758	412 705	-714 053	-63,4
Revisjon/kontrollutval	Økonomiavd.	564 500	655 000	770 000	115 000	17,6
IKT-Hallingdal	IKT-Avd	9 536 902	10 072 809	10 331 426	258 617	2,6
Hallingdal Brann og redning	VAR/utvikling	4 812 052	5 018 764	5 339 813	321 049	6,4
Barnevern	Avd.leder	7 562 624	9 248 000	9 532 500	284 500	3,1
Kleivi Næringspark	Utvikling	586 791	493 828	431 875	-61 953	-12,5
Krisesenteret	Helse	824 430	864 000	784 919	-79 081	-9,2
Kyrkja	Rådmann	5 110 000	5 295 000	5 370 000	75 000	1,4
Felleskjøkken	Helsesjef	2 254 519	3 273 000	3 407 000	134 000	4,1
Hallingdal etablerersenter	Utvikling	243 984	250 000	250 000	0	0,0
IKA-arkiv -Konsberg	fellestenester	348 915	345 000	355 430	10 430	3,0
Hallingdal Renovasjon	VAR	9 292 161	10 232 725	11 420 000	1 187 275	11,6
Regionrådet	Rådmann	614 091	601 794	623 494	21 700	3,6
PPT-Øvre Hallingdal	Oppvekstsjef	3 361 072	3 439 000	3 412 000	-27 000	-0,8
Hallinghelse	Rådmann	694 308	795 000	727 234	-67 766	-8,5
Hardangerviddatunnelene AS	Rådmann	5 339 813	25 000	25 000	0	0,0
Forum nye Bergensbanen	Rådmann	25 000	25 000	25 000	0	0,0
Sum		52 199 057	51 760 678	53 218 396	1 457 718	





ÅL KOMMUNE

DRIFTSOMRÅDA

Administrasjon og servicetenester

Driftsutgifter og inntekter innafor ny ramme:

Utfordringar i 2021-budsjettet og økonomiplanperioden 2021 - 2024:

Kommunesektoren organisasjon og utviklingspartner (KS) sine endringar av tilskotsordninga, har ein negativ effekt på administrasjonen sitt budsjett framover. KS avviklar tilskot til kommunar som tek imot mange lærlingar i 2020, slik at tilskot frå OU-midlar på ca. 400.000 kr for lærlingar fell bort i 2021. Det betyr at vi ikkje har lønnsmidlar til ein lærling som allereie er tilsett, og kan ikkje ta inn nye lærlingar i 2021 om vi vil få balansert budsjettet. Vi arbeidar med intern leiarutvikling og vil fortsette med det i planperioden. Hausten 2020 har 7 ulike grupper av leiarar og fagansvarlege vore på 12 samlingar med fagleg påfyll om leiing i regi av HR-kontoret. KS har vidare stramma inn betingelsane i tilskotsordninga for kompetanseheving, slik at det ikkje vil vere mogeleg å søkje om midlar for leiarutvikling i regi av kommunen i 2021.

Nærværet og reduksjon av sjukefråværet vil vidare vere eit fokusområde, samtidig som vi må jobbe for å skape ein endringskultur der læring og omstillingar blir betrakta som ein naturleg del av arbeidskvardagen. Vi ser eit framtidig behov for organisasjonsutvikling og endringar i organisering av tenestene våre f.eks rundt unge og born. Dette vil krevje ei auke av HR-ressursar i planperioden.

Tiltak lagt inn i ramma	Kostnad
40 % HR-ressurs	350.000
Lønnsmidlar lærling	200.000

Servicetenester ynsker å vere i stadig utvikling, styrke og betre kvaliteten på informasjon og vidareutvikle oss i samråd med brukarane. Tingstugu vart på grunn av Covid19 stengt for publikum i mars 2020. Vi har frå hausten 2020 hatt andre opningstider for publikum og vil fortsetje med redusert opningstid også i 2021 då vi ser at fleire kundar har vorte digitale. Vi opplever aukande tidsforbruk for webansvarleg og andre fagområder i servicetenester både til ajourføring, nye prosjekt, opplæring og føringar gjeve frå departementet og KS. Det er stadig vidareutvikling av heimesida med elektroniske skjema og døgnoopen forvaltning, dessutan krev og informasjonssikkerheit og smittevern ein del ressursar.

I 2021 vil det bli nytt sak/arkivsystem for alle sakshandsamarar i kommunen, noe som vil kreve mykje ressursar og opplæring for tilsette i sekretariatet. Det er Stortingsval hausten 2021 som blir utfordrande med omsyn til å ivareta smittevern vedr. Covid-19. Lønn er i oppstarten av nytt rekrutteringssystem og personalmeldingar. Med svært mange nye tilsette i kommunen, krevst det mykje opplæring både for økonomi, lønn og sekretariat.





Oppvekst

Utfordringar i sektoren i økonomiplanperioden 2021 - 2024:

Driftsfordringar i sektoren

Den store utfordringa i økonomiplan-perioden blir å oppretthalde gode barnehagar og skular. Skal me få sett ut i livet dei ambisjonane som er nedfelt i styringdokumentet *Betre læring*, må me ha mange nok tilsett. Barnehagar og skular med god kvalitet er ein viktig faktor når familiar skal velje bustadkommune.

Ein må ta inn over seg at barnehage- og skulestrukturen i Ål kostar mykje, både i kroner og øre og når det gjeld ressursar. Sektoren skal på budsjettet for 2021 spare inn 1,5 % på ramma, og det må gjerast tøffe prioriteringar. Forslag til innsparingar er 1,5 stilling i skule, disponibel ressurs i barnehage som var tenkt nytta til auke av tal barnehageplassar i løpet av barnehageåret og reduksjon på lærarstilling både på kulturskulen og i vaksenopplæringa. Til saman utgjer innsparingane kr. 1,6 millionar.

På sikt skal oppvekstsektoren gje avkall på 2-3 millionar til fordel for helsesektoren. Tal barn i Ål kommune går ned, medan det blir fleire eldre og sjuke med behov for pleie og omsorg. Me er ein oppvekstsektor som må bu oss på omstilling, og som må rigge oss for nye tider. I snitt brukar Oppvekstsektoren i Ål kommune 171 000 kroner pr. elev, medan snittet nasjonalt er 119 000 kroner pr. elev.

Me gjer fleire grep. Me brukar ei midlertidig stilling i PPT for Ål og Hol som går til rettleiing i skulane. Dette er eit prosjekt i tråd med statlege føringar, som me ynskjer skal bli permanent. Me er i gang med å implementere samhandlingsmodellen BTI. Det vil hjelpe oss å kvalitetssikre ein heilskapleg og koordinert innsats i oppfølginga av barn og unge som det er grunn til å vera uroleg eller bekymra for.

Investeringsbehovet i sektoren handlar om å ta att eit etterslep på vedlikehald ved Nedre-Ål skule og Skattebøl skule. Ved dei andre avdelingane vil det handle mykje om normalt vedlikehald. Estimerte kostnader på Nedre-Ål og Skattebøl er 5-6 millionar. Drenering av Sando barnehage er estimert til 1,5 million; men generelt er bygningane i sektoren godt vedlikehaldne. Over ein periode på tre år vil det i snitt bety 2,5 million kroner i etterslep. Anna normalt vedlikehald kjem i tillegg.

Sektoren får også lågare inntekter. 1. august i år vart det innført ei moderasjonsordning for foreldrebetalinga i SFO. Det betyr eit inntektstap på 150 000 kroner. Staten har kompensert moderasjonen i rammeoverføringane til kommunane, men utan å øymerke dei. Elevtalet i SFO går ned, og inntektene har vore budsjettert noko høgt dei siste åra. Oppvekstsektoren treng å få tilført 150 000 kroner for å redusere inntektstapet på foreldrebetaling. Alternativet er å auke satsane. Det er også reduksjon i tal gjesteelevar (elevar som høyrer heime i ein annan kommune).

Det er usikkert om Ål får busette dei 10 flyktningane som kommunen vart oppmoda til å ta imot i 2020. Det heile vart sett på vent då pandemien råka oss i mars.





ÅL KOMMUNE

Driftsbudsjett

1. Barn og elevar med store hjelpebehov

Dette er den største utfordringa i sektoren. Dette er barn og elevar som krev 1:1 oppfølging, eller som treng mykje ekstra hjelp. Dette er elevar som har helsemessige utfordringar, diagnosar eller meir samansette hjelpebehov.

Barnehage: 4 barn med til saman behov for 2,8 stillingar. Barnehagane har ressursar innanfor ramma til å dekke behov for styrking og spesialpedagogisk hjelp, men det krev at ramma ikkje blir ytterlegare redusert.

Skule: 32 barn med til saman behov for 23,5 stillingar. Ramma til skulane er for liten til å dekke dette behovet. Inneverande år har skulane hatt behov for 3,8 stillingar meir enn det som ligg i ramma. Då er ekstraløyvinga til miljørettlearane rekna inn (tilsvarar 4,6 stilling).

Sektoren må dekke spriket mellom behov og etterspørsel, ved å bruke av tidsressursar som mellom anna er avsett til to-lærar, klassedeling og tilpassa opplæring. Elev med store ressursbehov, som tidligare har hatt heimeundervisning, er tilbake i ordinær skulegang frå hausten 2020.

Elevtalet har ikkje fått ned så mykje som forventa og er omtrent som førre skuleår, om lag 550 elevar. Med dagens struktur gir dette liten innsparing.

2. Oppretthalde full barnehagedekning

Talet på tilsette blir til ei kvar tid dimensjonert etter tal barn i barnehagane. I barnehageåret 2020/2021 var det litt ledig kapasitet i barnehagane frå oppstart. Dette er eit gode. Det gir høve til tidleg innsats, samt å tildele plass til barn som flytter til kommunen og til barn som står på venteliste for tildeling i løpet av året. I 2019 var det ein auke i tal fødte barn, og per dato er det 39 2019-barn i kommunen. Det er fleire barn på venteliste frå 1. januar enn det var for eit år sidan. Prognosen seier at i august 2021 vil det starte omtrent like mange barn som i august 2020, truleg vil det også flytte familiar med barn i barnehagealder til kommune slik som det har vore dei siste åra. Fødselstalet i 2020 er stipulert til 38 barn. Barnehagane treng difor å vidareføre dagens budsjetttramme. Ei vidareføring av ramma vil også i «ledige» periodar dekke behov for ekstra bemanning til barn med store hjelpebehov. Med dette får barnehagen investert meir i tidleg tilrettelegging for enkeltbarn. Det gir livslange gevinstar. I tillegg får tilflyttarar i større grad tilbod om barnehageplass.

3. Språkressurs i barnehage

Tidlegare fekk alle kommunar statstilskot som skulle dekke kostnader til ekstratiltak for å betre språket til minoritetsspråklege barn. Dette utgjorde ca. 40 % stilling. Tilskotet vart fjerna i 2018. Oppsparte prosjektmidlar har vorte nytta, men no er det ikkje meir å ta av. Dersom sektoren ikkje får tilført ressursar tilsvarande 40 % stilling (stipulert kostnad er 250 000 kroner), vil barnehagane miste språkressursen. Barnehagane melder om at det er svært viktig for integrering, og som tidleg innsats, at ressursen blir vidareført.

4. Tidlig innsats i skulen

I nokre år har fekk fyrst 1.-4. trinn statlege midlar til tidleg innsats.





Etter kvart vart ordninga endra til å gjelde 1.-10 trinn. Tidleg innsats er svært viktig og me ser at denne ressursen har vore viktig for skulane. Med tidleg innsats kan vi unngå at vanskar blir unødig store, og at det oppstår tilleggsvanskar. Med tidleg innsats kan vi også førebyggje skeivutvikling, sosiale vanskar, lærevanskar, fråfall i skulen og, på sikt, faren for å hamne utanfor arbeidslivet. Konsekvensane ved å kutte i tidleg innsats-ressursen kan vera behov for fleire stillingar til styrking og høgare vikarutgifter. For skuleåret 2020/2021 utgjør dette 140 % stilling og utgjør ein kostnad stipulert til kr 1,1 mill).

5. Auke felles planleggingstid i barnehagen

Tal timar som er sett av til personalmøte har vore uendra i svært mange år. Ål har avsett 18 timar pr år i budsjettet. Det er lite med tanke på alle dei ulike tema som barnehagane treng å ta opp i personalgruppa og det er lite samanlikna med andre kommunar. Dei andre kommunane i Hallingdal har hatt 27 timar i mange år. Å drive barnehagebasert profesjonsutvikling blir sett på som nøkkelen til kvalitet, men det krev meir felles plantid for personalet enn 18 timar i året. Det er eit ønske å auke felles planleggingstid i barnehagane med 9 timar per år. Dette vil ha ein kostnad på om lag kr 150 000,-. Barnehagane fekk auka budsjettet i 2020 og ber no om at dette blir ei permanent utviding av ramma.

6. Styrke koordinerande eining (KE)

Tao barn/elevlar med store hjelpebehov er høgt. Dette krev auka samordning av tenester og ansvarsgrupper. Koordinerande eining har i dag to stillingar, éi på 25 % i oppvekst og éi på 50 % i Helse. Det er eit ønske å utvide tenesta i oppvekst til 50 % stilling. For oppvekst vil dette ha ein kostnad på kr 150.000 kroner. Også i 2019 og 2020-budsjettet ba ein om stillingsauke, men då var det ikkje rom for ei slik utviding.

7. Samordne hjelpetenestene/etablere ei rettleiarteneste

Samfunnsendringar stiller store krav til tverrfagleg arbeid. Kommunen er i gang med mykje godt førebyggjande arbeid som MOT, Kjærlighet og grenser og foreldrenettverk. Vidare blir det jobba i støtteteam, tverrfaglege team, *BTI* (betre tverrfagleg innsats), primærkontaktmøte, sakkunnigarbeid, ulike former for systemarbeid og konsultasjonar. Kommunen har gode fagressursar på ulike område, men er me godt nok rigga til å møte utfordringane i framtida?

I 2020 har Oppvekst og Helse gjennomført forprosjektet *Samordning av tenestene for barn og unge* med Margunn Gullhagen som prosjektleiar. Ål søkte og fekk midlar til prosjektet som hausten 2020 går inn i ein ny fase. Etter politisk behandling i SUKO har ein gått inn for å greie ut organisering av *Familiens hus* i Ål.

Ei av stillingane i PPT vart hausten 2020 omgjort til ei rein rettleiarstilling for skulane i Ål og Hol. Skulane har opplevd det som positivt, og me er spente på kva slags resultat me vil kunne sjå i tida som kjem. Me trur i alle fall at ein rettleiar vil tene sektoren i det lange løp. Ein rettleiar som kun er «ein telefon unna» ved spørsmål; eit menneske som skulane kan drøfte eigne tiltak med og som ikkje driv med saksutgreiing. Skulane har lenge etterlyst ei ordning som dette. Sektoren ønsker også noko liknande for barnehagane.

Oppvekstsektoren ønsker å etablere ei rettleiarteneste som kan hjelpe tilsette som står i store utfordringar, i både barnehage og skule. Sektoren har prøvd ut ulike modellar, men det har





ÅL KOMMUNE

ikkje vore økonomisk handlingsrom til å setta i verk ei meir permanent rettleiarteneste. Kommunen har ein nyutdanna logoped som kan bli ein del av denne tenesta. Ei slik teneste kan bestå av logoped, rettleiar (i PPT) og miljørettleiarar. Ein må sjå dette i samanheng med evalueringa av miljørettleiarar i skulen.

8. Innvandrartenesta

Innvandrarteneste og Vaksenopplæring er dimensjonert for å kunne ta i mot 10-12 flyktningar i året. Der Ål kommune ikkje blir tildelt flyktningar i 2021, vil det føre til færre elevar i vaksenopplæringa. Tal tilsette må då reduserast. Utfordringa blir å halde i gang ei vaksenopplæring med lågt elevtal. Dersom Ål kommune får busette 10 nye flyktningar, kan det medføre ei utfordring dersom sparetiltaket, som er å redusere tal lærarstillingar i vaksenopplæringa blir gjennomført. Det vil gje utfordringar når det gjeld differensiert undervisning og nivådeling. Det er ikkje heldig.

9. Rekruttering

Så langt har sektoren stort sett skaffa nødvendige fagfolk, men det har vist seg vanskeleg å rekruttere spesialpedagogar. I tillegg er det få søkarar til leiarstillingar i sektoren. Det blir nødvendig å fokusere meir på rekruttering i tida som kjem.

Investeringsbehov i sektoren

1) IKT-investering

Oppvekstsektoren i Ål tok i bruk digitale verktøy for alle elevar i grunnskulen i 2020. Elevane på 1.-7. trinn har tatt i bruk nettbrett som pedagogisk hjelpemiddel, og frå 8. trinn har alle elevane PC som verktøy. Den nye rådgjevaren i IKT Oppvekst utarbeider ny prosjektplan for vidare satsing. Det er, i stikkordsform, snakk om: innkjøp og opplæring til «skaparverkstad» (fagfornyng), infrastruktur og innkjøp i barnehagar og vaksenopplæring. Årleg kostnad i tre år var opphavleg sett til 500 000; men innsparingar gjer at me no har sett kostnadane til 250 000 kroner. Me reknar ikkje med like store investeringar i 2021 som i 2020.

2) Nedre-Ål skule

Enkelte klasserom er tronge og nedslitne og treng oppussing: Renovering av klasserom/grupperom, skifte vindauge i 1. etasje, mindre ombygging av klasserom, byte ut ventilasjonsanlegg og generell oppussing er stipulert til 2 mill. Ein god del arbeid står att for å ta att eit stort etterslep på vedlikehald av Nedre-Ål skule.

3) Uteområdet barnehagar/skular

Kommunen skal halde 10 ulike leikplassar og uteområde oppgradert. Ved å seta av 250 000 kroner kvart år, får kvar avdeling i snitt oppgradert eller vedlikehalde eit leikeapparat kvart 10. år. I 2021 vil Nedre-Ål skule bli prioritert.

4) Ventilasjon, Søndre barnehage

Barnehagen har behov for støydemping av aggregat på ventilasjonsanlegg over midtrom på Låven. Estimert til kr 200 000.





ÅL KOMMUNE

5) Nye læremiddel - fagfornyning

Fagfornyning med verknad frå august 2020 vil auke behovet for å skifte ut læremiddel. Så langt har ikkje Staten signalisert ekstra midlar til dette. Det er ikkje rom for store ekstra innkjøp med dagens ramme. I 2021 blir det sett av kr 250 000 kroner som eit eige investeringsprosjekt. Ål ungdomsskule er prioritert for innkjøp av læreverk.

Prioriteringar det ikkje er funne plass til i 2021

6) Skattebøl skule

Garderobane treng renovering. Mørke veggjar i alle klasserom. Gamalt ventilasjonsanlegg. Måling og belysning i klasserom og korridorar, nytt ventilasjonsanlegg og renovering av garderobar er grovt rekna til å koste ca. 3 mill.

7) Drenering Sando barnehage

Grunnmur har vasslekkasje og treng drenering. Kostnadsrekna til kr 1,5 mill.

8) Ål ungdomsskule

Ål ungdomsskule er 13 år gamal og dei har behov for oppussing samt oppgradering av møblar til elevar og tilsette. Det er peika på at elevane treng nye stolar. Kostnadane for nye stolar til alle elevar er estimert til kr 150 000.





ÅL KOMMUNE

Helse og sosial

Situasjonen i sektoren:

Frå mars har helse- og omsorgssektoren vore prega av Covid-19-epidemien. Kommuneoverlegen og avdelingane har gjort ein formidabel innsats, vore kreative, og følgd opp dei nasjonale føringane etter beste evne, og er rusta om ei ny smittebølge skulle kome. Ål kommune oppretta t.d. smitteavdeling, teststasjon, smittesporingsgruppe, innkjøp av nødvendig medisinsk og elektronisk utstyr, og ombygging av smitterom legevakt. Sektoren har fleire gonger hatt personell eller pasientar mistenkt med smitte,- og mange har vorte sett i karantene. Heldigvis har ingen testa positivt. Covid-19 vil bli krevjande både ressursmessig og økonomisk for helse- og omsorgstenestene også i 2021.

IMA (intermediæravdelinga, kommunale plassar Hallingdal sjukestugu) har og vore påverka av Covid-19. Det har vore «pasientturke» både på sjukehus og i kommunane. HSS fekk etter kvart inn pasientar på sjukehusplass,- men bruken av dei kommunale plassane har vore urovekkjande låg. Dette er signalisert til HSS, kommunane, regionrådet og politisk nivå. Om situasjonen heldt seg uendra vil Ål kommune miste ei inntekt på om lag 3,5. mill. kroner i 2020.

Ål kommune har mange ressurskrevjande brukarar. Nye pasientar med omfattande ressursbehov har kome til i 2020, og fleire er på veg inn. Oversikt frå koordinerande eining syner eit stigande tal born og unge med ei funksjonsnedsetting. Miljøterapitenesta signalisera at behov for avlastning er aukande. Det er også trengande nødvendig med renovering av to bustader i avdeling miljøterapi, samt ei ombygging for å få til ein ekstra bueining.

Arbeid med plan for habilitering er teke opp att- ei av oppgåvene er å planleggje for framtidig bustadbehov.

Rådmannen sette ned ei arbeidsgruppe som skulle sjå på «*Samordning og organisering av hjelpetenester til barn og unge*». Dette er eit sektorovergripande prosjekt i oppvekst og helse. I september vart gjort politisk vedtak i begge sektorane om å etablere «Familiens hus». Det vart samstundes bedt om ei vidare utgreiing om korleis dette vil påverke sektorane organisatorisk, ressursmessig og økonomisk.

Kommunepsykolog er lovpålagt stilling frå 2020. Det er gjort fleire forsøk på å tilsette i stillinga. Fram til eigen kommunepsykolog er på plass samarbeider Ål interkommunalt om ein kommunepsykolog tilsett i Hemsedal.

Tenester innan psykiske helse og/rus er aukande særskilt blant born og unge.

«Aktiv ung» tilbyr aktivitetstilbod kvar veke til om lag 40 born og unge,- eit tenestetilbod som har vore dekt gjennom eksterne tilskotsmidlar. I korona-tida vart det nødvendig å dele tiltaket i grupper på maks 20 pr. gruppe. Dette fører til auka behov for fleire aktivitetskontaktar om kvar av desse skal få tilbod om ei treningsøkt kvar veke.





ÅL KOMMUNE

Framskrivningar syner at talet på eldre tenestemottakarar i Ål vil auke med om lag 60 % innan 2040. Betre behandling, tidlegare utskrivning frå sjukehus og høgare levealder fører til auka behov for tenester til innbyggjarane. Både heimetenestene og nattenesta signaliserer ei merkbar auke i tenestebehov. Nigarden er bufellesskap for personar med demens med ei basisbemanning. Erfaringane syner at brukarane raskt får større tenestebehov, og er meir avhengig av ressursar enn det tilbodet legg opp til.

Det er naudsynt med eigen ansvarssjukepleiar i Nigarden i 20 % stilling med same storleik som dei andre ansvarssjukepleierane i heimetenesta. Det er og signalisert behov for ein aktivtør til denne brukargruppa.

Det er også auka behov i institusjonstenester til personar med ei demensdiagnose. Med bakgrunn i stort pleiebehov og utfordrande pasientgruppe, samt å ivareta arbeidstilhøva for personalet blir det brukt meir ressursar enn stillingar i ramma. Stugu vart ved omorganiseringa i 2018, ei stor avdeling med 68 tilsette. Avdelinga valte som ein pilot å styrke avdelingsleiar i det faglege arbeidet med to ansvarssjukepleiarar a`50 %. Det er meldt ynskje om å auke teamleiarfunksjon med ei 80 % stilling ekskl. helg for å styrke tenesta.

Kommunestyret styrka grunnbemanning i sektoren med kr 1,6 millionar for 2020. Denne styrkinga er ikkje med vidare inn 2021, og kjem difor opp att i prioriteringar for 2021. Det er også to år på rad bedt om ressursar til akuttberedskap av helsehjelp og oppfølging av heimebuande etter utskrivning frå sjukehus.

Legekontor/legevakt har stor pågang og talet på turistar stig særskilt i helg og høgtid. Avdelinga signalisera slitasje på fast personell. Legekontoret ligg under landsnorma for bemanning og har i mange år bedt om ei styrking på 80 % på medarbeidersida. Sektoren har ikkje funne dekning for dette.

Covid -19 fører til reduksjon i inntekter i sektoren for td. kortidsplassar, dagtilbod, felleskjøkken og kantinedrift. Kostnader til kjøp av tenester har over år heller ikkje vorte kompensert for løns- og prisstigning. Dette byr på utfordringar når pris stig like mykje som lønsvekst. Dette gjeld t.d. BPA, kjøp av spesialplassar, tilskot til privatpraktiserande legar og fysioterapeutar.

Helse- og omsorgssektoren har store utfordringar med å rekruttere fagpersonell. For at tenesta skal vere forsvarleg må det leigast inn helsefagleg personell noko som er kostnadskrevjande. HR-avdelinga i lag med sektoren vil jobbe vidare og målretta med rekrutteringsarbeid i 2021.

Behandlingsbassenget blir dagleg brukt i rehabilitering, og er i bruk kvar vekedag frå 08-20.00. Bassenget er av eldre årgang og det er usikkert kor lenge ein klarar å oppretthalde drifta.

Kommunalsjefen vil peike på ei rekke driftstiltak som er drøfta og som må lyftast fram:





Tiltak lagt inn i ramma for 2020	Kostnad	Inntekt/refusjon	Note
Styrke grunnbemanning – NB! gjeld berre for 2020 – er ikkje	Kr 1.600.000		
Prioriterte tiltak i sektorutvalet 23.6.20 som ikkje er lagt inn i			
Aktiv ung	kr 150.000		1
6.nattevakt (utløyser 1,8 stilling i løn)	1.800.000		2
Velferdsteknologi frå prosjekt til drift 50 % st.	400.000		3
Aktivitør avd. Stugu	500.000		4
Tiltak som ikkje nådde opp i prioriteringane for 2021			
BPA auka kostnad (pågåar)	700.000		8
Ressurskrevjande tenester (pågåar)	4.500.000		9
Heimetenesta - styrking med behandling og observasjon	kr 1.600.000		5
Styrke grunnbemanning institusjon	900.000		7
Andre kostnadskrevjande tenestebehov som ikkje ligg i			
IMA	3.500.000		
Korona- utgifter drift	4.000.000		
Smittesporingsverktøy lisens	25.000		
Avlasting	1.500.000		
Unge brukarar/ Inn på tunet/ VTA	310.000		
Auka basistilskot legetenesta	700.000		10
Ansvarssjukepleiar Nigarden 20 %	120.000		
Adgangskontroll	300.000		
Auka ressursbruk Stugu	1.200.000		
Vedlikehald medisinsk utstyr	90.000		
Andre tiltak som ikkje nådde opp i prioriteringane frå			
Rekrutteringsprosjekt	500.000		
Legetenesta 0,8 stilling medarbeidar, kr 480'	480.000		
Nye meldte behov i sektoren			
Renovering av to bustader og ombygging for ny buening i	Kostnad ikkje pårekna		

Note:

1. Aktiv ung er delevis støtta med eksterne midlar. Tiltaket må inn i drift for å vidareførast. Med covid-19 må ein ha fleire grupper og dobbelt så mange aktivtetskontaktar for å nå alle med ei trening i veka – dette vil medføre ein tilleggskostnad.
2. Nattenesta har hatt eit kontinuerlig overforbruk i 2 år pga 6 nattevakt (pr i dag er to personer på oppdrag ute kvar natt)
3. Velferdsteknologi 0,5 stilling. Det interkommunale prosjektet fekk nye tilskotsmidlar og vart vidareført ut 2020. Frå 2021 kan det ikkje søkjast nytt tilskot. Prosjektet skal no ut i drift. For å kunne fylgje opp kontrakt med leverandør, og koordinere og utvikle bruken av velferdsteknologi både i eigen kommune og i samarbeid med dei andre kommunane i Hallingdal er det behov for både ein lokal medarbeidar og interkommunal koordinator. Målet med å styrke velferdsteknologi ut over brukarperspektivet, er på sikt å kunne sjå ei gevinstrealisering gjennom å tilby velferdsteknologiske løysingar. Eks. Gjennom digitalt nattstilsyn – mindre behov for 6.nattevakt - ressursane kan nyttast til andre tenestebehov.
4. Å skape gode aktivitetar og augeblikk hjå personar særskilt med ei demensdiagnose er ressurskrevjande, men av stor verdi for livskvalitet og ro både for den einskilde pasient, andre bebuarar og tilsette. Det er ynskje om ein aktivitør som kan gå inn med aktivitetstilbod i avdelinga.
5. Det er behov for å styrke kompetansen på medisinsk behandling og observasjon i heimetenesta. Ved å tilsette ansvarleg sjukepleiar på kveld og helg som har ansvar for å ivareta alle oppdrag med observasjon og behandling som kjem utanfor dei ordinære arbeidslistene. For å dekke denne funksjonen på kveld og helg gjennom heile året, treng ein 1,77 årsverk.





6. Legetenestene viser til større pågang og høgare press på våre tilsette. Dei ber om ei styrking med 0, 8 % stilling medarbeidar.
7. I periodar har sjukeheimen pasientar som krev tettare oppfølging enn det grunnbemanninga kan greie å gje. Det er såleis behov for lønnsmidlar som kan nyttast til bemanne opp i periodar sjukeheimen har slike pasientar. Sektoren har utfordringar med å rekruttere helsepersonell. Det er behov for å utvikle nye og innovative kompetanse- og rekrutteringsstrategiar.
8. Kostnader til BPA stig som følgje av utvida tenestebehov og prisstigning.
9. Pasientar med store ressurskrevjande hjelpebehov stipulert med ei kostnad på kr 4.500'. Dette er tenester som er i drift, pågåande og utanfor ramma.
10. Basistilskotet per pasient frå kommunen til legen er regulert i avtala mellom Helse- og omsorgsdepartementet (HOD), Kommunenes sentralforbund (KS) og Regionalt helseføretak (RHF) og Den norske legeforening (DNLF) (Statsavtalen). Basistilskotet/knekkpunkt pr. pasient vart frå 1.5.20 auka, og vil for Ål utgjere ein tilleggskostnad på kr. 700.000.

Anna:

-Helse og omsorgstenestene er i rask utvikling, og stadig fleire komplekse helsetenester blir flytta frå spesialisthelsetenesta til kommunane utan at det fylgjer ressursar med.

-Sektoren brukar meir ressursar på omsorgstønad i ramma enn det som er budsjettet.

-Tilsyn gjennomført i 2018, 2019 og 2020 pålegg kommunen betre vedlikehald av medisinsk teknisk utstyr

	Budsjett inkl. endring 2020	innspel 2021	innspel 2022	innspel 2023	innspel 2024
Møbler og senger til Stugu	400 000	400 000	0	0	0
Nødnett	250 000	0	0	0	0
Velferdsteknologi	805 000	0			0
Bilar helse/sosial	1 802 000	600 000			
Stugu1 tilrettelegging	0	0	0	0	0
Digitale tryggingsalarmar	200 000	0			
Tilrettelegging Stugu ventilasjon	845 800	0	0	0	0
Tilrettelegging budstad ein brukar	3 500 000	0	0	0	0
Prestegardsjordet- avd.miljøterapi	500 000	0			
IKT Helse og sosial	325 000				
Behandlingsbasseng					6 000
Godstugu , renovering avtrekksaggregat og varmvatn		200 000			

Anna: Med bakgrunn i ny brukar avdeling miljøterapi er det behov for ombygging for å nytte areal til bueining. I tillegg er det nødvendig å renovere to bueiningar i 2021.





ÅL KOMMUNE

Kultursektor

Mange tilsette hadde sett fram til eit år med drift av nye lokale i eit ombygd Ål kulturhus. Dei første lokala vart opne i august 2019 og dei siste lokala vart opna og teke i bruk i januar 2020. I mars vart landet stengt ned grunna Covid19 epidemi. Dette har ramma kulturlivet hardt! Hausten 2020 er alle avdelingane på huset opne for publikum og avdelingane tilbyr dei tenester som er forventa. Unntaket frå denne praksis er scenearrangement ved kulturhuset, som no i liten grad programmerer scenearrangement grunna smittevernreglar basert på 1 meters regel. Nokre artistar kjem til tross for restriksjonar.

Den største utfordringa i kommande økonomiplanperiode blir å programmere for vår 2021 på Ål kulturhus. Størst usikkerheit er knytt til pandemi-situasjon i samfunnet. Ål kommune har ansvar for å skape innhald i SPRANG Landsdelsscene for dans. Me skal vidareføre eit godt arbeid for å styrke samhandlinga mellom alle tenester som no er samla på kulturhuset. Målet for 2021 er å jobbe målretta med publikumsutvikling og auka bruk av huset.

Samstundes ynskjer me å nå nye målsetnader i Kulturplan 2019-2025, som vart vedteke i mai 2019.

Styrking av driftsbudsjett 2021:

1. Ål kulturhus, drift

I samband med politisk sak i september/oktober- Drift av Ål kulturhus, peiker administrasjonen på behovet for å auke eller omdisponere kommunale pengar.

Manko 600 000 kr. Denne styrkinga skal i hovudsak kompensere for tapte leigeinntekter på huset. I dag er det kommunale avdelingar som nyttar areala.

Frå 2020: Tidlegare husleige til Frivilligsentralen vert omdisponert til å styrke drift av Nye Ål kulturhus. av 110 000 kr. Ål kommune sine innsparingar ved flyttinga var estimert til 320 000 kr (basert på rekneskap i 2015).

2. SPRANG- Landsdelsscene for dans:

Prosjektstillinga vert vidareført med 80% stilling. Lønsmidlane til stillinga er eit spleislag mellom kommunen, fylket (og vonlegvis stat- endeleg svar kjem på nyåret 2021.) Statleg tilskot vil gjere det mogeleg å auke prosjektstillinga og jobbe med ei konkretisering av forretningsplan.

År	Viken	Ål kommune	Samla kostnad/ prosent stilling
2021	260 000	260 000	520 000/ 80%





ÅL KOMMUNE

3. Kommune 3.0 og lokalsamfunnet Ål

Hallingdal Feriepark har signert avtale om årleg støtte for å legge til rette for bruk av areal; skiløype, skøytebane, akebakke. Avtala gjeld frå 2019- 2023: 50 000 kr/år

Leveld kunstnartun:

I år har Ål kommune to kulturinstitusjonar som mottek statleg stønad i årleg drift; Leveld Kunstnartun og Den Norske Folkemusikkveka. Kommunen får soleis eit ansvar for å bidra i eit økonomisk spleiselag viss dei skal oppretthalde eksterne tilskot. I 2019 fekk Leveld kunstnartun tilsagn på 420 000 kr på Statsbudsjettet-

SUKO 17/02008: Bindande vedtak om årleg driftsstøtte i åra 2017-2021.

Me tilrår å løyve 100 000 kr frå Næringsfondet.

Ny festival i 2021:

Ål kommune har dialog med ei stifting som ynskjer å etablere/ flytte ein eksisterande festival til Ål. Kultursjef ser festivalen som eit flott tilskot til alle våre etablerte arrangement og ber om ei auke i arrangementsfondet, på 50 000 kr for at denne festivalen får hjelp ved etableringa. Styrke arrangementsfond med 50 000 kr for 2021.

Driftstiltak som me ikkje har funne rom for:

1. Prosjektstilling i Ål idrettslag:

Ål Idrettslag, Liatoppen skisenter og Fotballgruppa i Ål IL søker om økonomisk støtte fra Ål kommune til et tre-årig samarbeidsprosjekt for utvikling av organisasjonen med mål om å skape meir effektive, veldrevne organisasjonar og arenaer for idrett og aktivitet. Søknaden vert handsama i SUKO og i Formannskapet i september. Sjå politisk sak i Suko og formannskapet, i sept/okt. Politikarane kan vurdere å redusere tilskotet til å dekke td ei 50% stilling- altså halvparten.

Ål idrettslag ber om 450 000 kr x 3 år = 1 350 000 kroner
450 000 kroner må hentast frå disposisjonsfondet

2. Asfalt på Bråta

Ål idrettslag søker om støtte til parkeringsareal på Bråta. Parkeringsarealet kan nyttast av brukarar av Bråta idrettsanlegg og Elvelangs, og brukarar av helsetunet og nedre del av sentrum. Tiltaket aukar attraktiviteten for området og heile området vert innbydande. Men kulturbudsjettet har ikkje pengar til å støtte tiltaket.

Ål idrettslag søker om 200 000 kroner
2 00 000 kroner må hentast frå disposisjonsfondet.





ÅL KOMMUNE

Investeringar i 2021:

1. Spelemidler 2021

Ål kommune har ikkje motteke søknader om nye anlegg som krev kommunal del av spelemidler for 2021. Me har heller ikkje motteke søknad om forskottering av spelemidler. Søknadsfristen er ute og den politiske saka om prioritering av spelemidler kjem til SUKO i oktober 2020.

2. Utskifting av kinoutstyr, Ål kino

'Kino Norge' stiller krav til utstyret som medlemmane av ordninga skal nytte. Dette føresett ei utskifting kvart 10. år. Ål kulturhus har hatt gjennomgang med leverandør i høve til naudsynte utskiftingar av kinomaskinene.

Dersom vi ikkje gjennomfører utskiftingane, vil ikkje Ål kulturhus ha kinodrift lenger enn til juni 2021. Nytt utstyr vil fungere fram til 2031 før det igjen må skiftes, dvs 10-års intervall.

Total sum for begge salane er 1.935.000,- ink mva.

Investeringar - Tiltak som me ikkje har funne rom for i 2021:

Rest etter bygging Ål kulturhus manko: 818 000 kr

Me har lister over «manglar» og nye behov, knytt til byggfaste installasjonar, innandørs skilting, tekniske element og møblar som me ikkje hadde rom for i byggeprosjektet på Ål kulturhus. Det ville vera veldig bra for huset si satsing i 2021, at me får ferdigstilt alle rom, med møblar og teknisk utstyr, slik at me verkeleg kan få prøvd ut ein auka bruk av huset og dei nye romma. Og samstundes gjera huset relevant for det som nye brukargrupper av huset burde kunne forvente!

Totalt:

760 000 (byggfaste installasjonar) Lagt inn 360 000 kr; treng ei tilleggsauke på 400 000 kr for å ferdigstille manglar.

Totalt 693 000 (tekniske element og inventar) Lagt inn 275 000 kr; treng ei tilleggsauke på 418 000 kr for å få dei møblar, skilt og teknisk utstyr som trengs.

Samla sum 818 000 kroner





ÅL KOMMUNE

Drift og utvikling

UTFORDRINGAR

Den største utfordringa framover er å kunne vedlikehalde og ta vare på den store bygningsmassa og kommunale bruer og vegar. I vedteken kommunedelplan for Sundre er det lagt inn fleire gangkryssingar av rv 7 og av Hallingdalsåne som ikkje til no har vore prioriterte å finne finansiering av. Det er eit stort etterslep på bygningsvedlikehald. Vi velgjer å prioritere oppgradering av omsorgsbustader, men trongen for oppgradering er stor for alle typar bygg. Kartlagt vedlikehaldsbehov på større kommunale bygg er kostnadsrekna til fleire titals millionar kroner dei neste åra.

DRIFTSTILTAK SOM DET IKKJE ER FUNNE Plass TIL:

1. Stadig strammare driftsbudsjett – auka ramme til drift hjå veg og park, byggforvaltning og reinhald med til saman kr 500 000

Gjennom mange år har ikkje driftsramma til vedlikehald og drift av bygga vorte auka, medan t.d. straumutgiftene, arbeids- og forbruksmateriell og utgiftene til kommunale utgifter og renovasjon har auka mykje. Det same gjeld for reinhald og vedlikehald av grøntområde og kommunale vegar.

2. Ny stilling byggforvaltning – kr 600 000

Det er eit stort arbeidspress på vaktmeisterkorpset med stadig meir avansert utstyr som krev oppfølging og ettersyn. Det er i dag eit stort gap mellom kva avdelinga klarer å levere og det brukarane av bygga etterspør. Innmeldte oppdrag som ikkje kan vente av omsyn til liv og helse, vert prioriterte.

3. Kommunal stilling som byggeleiar/prosjektleiar – kr 300 000

Ønskeleg å kunne ha ei øyremerkte stilling gjerne i lag med nabokommune som kan spesialisere seg på å vera byggeleiar/prosjektleiar ved store og små utbyggingsprosjekt. Alternativet er å kjøpe konsulenttenester

Investeringar innan sektor:

Det er eit stort etterslep når det gjeld vedlikehald på vegar, bruer og bygg. Det er difor positivt at det frå og med 2019 er teke eit løft og framleis har fått høg prioritet i rådmannens framlegg for 2021-24.





ÅL KOMMUNE

Prosjektnamn:	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Økoplan 2022	Økoplan 2023	Økoplan 2024	Merknad
Drift og utvikling						
Gangveg Gullhagen	500 000					
Vognskur Sundre bhg	250 000					
Branntrygging ulike bygg		1 250 000				1
Renovering av omsorgsleilegheiter Brattebakken	600 000	900 000	900 000	900 000		2
Adgangskontroll Tingstugu		1 000 000				3
Utskrifting av maskiner veg og park	400 000	3 000 000	1 000 000	500 000	1 000 000	4
Ventilasjonanlegg Tingstugu			3 000 000			5
Bustad-/Næringstomt	400 000					
Grunnkjøp	200 000	200 000				6
Sentrumsutvikling	600 000		300 000	300 000		7
Opprusting veg /asfaltering	3 500 000	1 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000	8
Gatelys	300 000	300 000	300 000	300 000	300 000	9
Trafikktryggleik	2 250 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	1 500 000	10
Turveg Oppsjø/elvelangs	920 000	200 000				11
Planfri kryssing rv 7 Oppsjø					8 000 000	12
Geovekst	125 000	125 000				13
Næringstomter Wangen	17 000 000		5 000 000			14
Gangveg Gullhagen	500 000					
Ål idrettshall, nytt tak og etterisolering	0			6 000 000		15
Ål idrettshall, renovering golv	0	600 000				16
Ål idrettshall, renovering garderober, toalettanlegg mm	0		2 500 000			17
Ål idrettshall, nytt låsesystem		300 000				18
Oppussing Nedre-Ål skule	1 300 000	2 000 000				
Behandlingsbassenget					6 000 000	19
Go'stugu, varmt vatn og avtrekk		200 000				20
Sundre bhg, ventilasjon Låven		200 000				21
Sundrevegen 37, renovering 4 omsorgsleilegheiter		1 800 000				22
Attståande bygningsarbeid Ål kulturhus		360 000				23
Attståande inventar og utstyr Ål kulturhus		275 000	800 000			24
Sambinding gangstig Stasjonsvegen-Sundrejordet		1 500 000				25
Gangbru rv 7 vangen, Granhagen				8 000 000		26
Ny trapp aust for kulturhuset			200 000			27
Gangveg og bru over Lya			1 750 000			28
Ventilasjon Helsehuset		600 000				29
SUM	28 845 000	17 810 000	20 750 000	21 000 000	20 300 000	

Fotnoter til investeringspostane:

1. Det er avdekket ei rekke manglar ved elektrisk anlegg (gamle sikringskåp mm) i fleire bygg som det hastar å få bytta ut
2. Omsorgsleilegheitene i Brattebakken treng standardheving (bad, kjøkken, golv, betre isolering og nye vindauge, oppfylle brannkrav). Det er lagt inn midlar til å kunne heve standard på 2 husvere årleg
3. Nøkkelsystemet er gammalt og slitt og det er ikkje mogleg å få tak i nye låsesylindrar
4. Maskinene er mykje i bruk og følgjande utskifting er naudsynt framover :
5. Gamle ventilasjonsanlegg både på ny og gamal del av Tingstugu er modne for utskifting, men behovet er ikkje akutt så investeringane er forskuvt i tid til 2022 og seinare.
6. Ikkje prioritert
7. Diverse tiltak sentrum
8. Frå og med 2022 er det sett av det nivået på opprusting/asfaltering som vegplanen tilrår for å unngå aukande forfall.
9. Årlege midlar til utskifting av gatelysarmaturar. Totalt skal 380 gamle armaturar som må skiftast til ein kostnad på om lag kr 6 500 pr. stk.
10. Jf. prioriterte tiltak i plan for trafikktryggleik
11. Ål IL sitt prosjekt, spleiselag med mange ulike finansieringskjelder. Vil gjera elva tilgjengeleg for bebuarane på helsetunet og resten av innbyggjarane. Viktig for folkehelse og nærfriluftsliv. Eigendel for å få ut rest av tilsagn statlege midlar.
12. Kryssing rv. 7 Oppsjø
13. Flyfotografering for å forbetre kartgrunnlaget (spleiselag med alle andre aktørar i Geovekstsamarbeidet)
14. Gjeld kjøp og opparbeiding av Wangen industriområde på Torpo (Når området er opparbeidd vil det koma inntekter å tomtosal)





ÅL KOMMUNE

15. Taket er over 40 år gammalt, det er tett førebels, men må byttast ut.
16. Golv må slipast regelmessig.
17. Garderobar og toalettanlegg er slitt og utestt for hærverk.
18. Elektronisk låsesystem vil fornekle administreringa av utleige idrettshall.
19. Behandlingsbassenget treng renovering.
20. Hasteoppdrag, feil som kan stoppe varmtvassforsyninga.
21. Eit aggregat som må støydempast jf HMS-avvik i mange år.
22. Omsorgsleilighetene treng oppussing.
23. Attståande arbeid pga at budsjettet ikkje strakk til.
24. Attståande innkjøp av inventar og møblar som ikkje kunne prioriterast pga budsjettramme.
25. Delvis finasiert av utbyggjar av 'Gartneritomta'.
26. Jf rekkefølgekrav utbygging Hallingdal feriepark. Kommunens del av kostnad.
27. Dårleg tretrapp som må byttast ut.
28. Gangveg frå Wangen til Torpo kyrkje samstundes som VA-utbygging nytt næringsområde Wangen

YNSKJE OM NYE INVESTERINGAR SOM DET IKKJE ER FUNNE PLASS TIL (førebels ikkje i prioritert rekkefølge – her vil STNR vera med å prioritere):

1. Utsifting ventilasjonsanlegg
2. Avdeling miljøterapi – opprusting av avlastingsbustader
3. Bustad/næringstomter – ønske om kr 400 000 årleg til regulerte kommunale tomter som enno ikkje er opparbeidde
4. Sundrepark – leikeplass vest for Ål kulturhus
5. Ekstra midlar tiltak trafikktryggleik 0.5-5 mill. kr ekstra årleg (jf. prioriteringsliste nye gangvegar i plan for trafikktryggleik)

SJØLVKOSTTENESTENE VATN; AVLØP OG RENOVASJON (VAR)

Trolldalsvegen	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Økoplan 2022	Økoplan 2023	Økoplan 2024	Merknad
Drift og utvikling						
Rehabilitering ledningsnett	500 000	3 000 000	4 000 000	4 000 000		1
Overføringsledning Votndalen	2 707 000	1 000 000				2
Ny brønn Torpo vassverk	2 000 000					
Rehabilitering Bekkefarete	3 000 000					3
Renovasjonspunkt	300 000	1 500 000	1 000 000			4
Overvåking vassverk, pumpesatsjonar og renseanlegg		750 000	185 000			5
Bil 3 H1			600 000			
Golv gammalt renseanlegg				100 000		
SUM SJØLVKOST	8 507 000	6 250 000	5 785 000	4 100 000	4 000 000	

Fotnoter til investeringspostane innan sjølvkostteneste VAR:

1. Verdien av ledningsnettet vårt er på mange milliardar kr og då er det naudsynt å sørge for årleg rehabilitering slik at verdiane ikkje forfell. Kvar år skjer det uføresette lekkasjar som må utbetrast
2. Overskridelsar hovudsakleg pga dyrare istandsetting av privat veg
3. Utsett frå 2020, ikkje nye midlar, men skyve løyvinga frå 2020 til 2021
4. Pålegg frå staten gjer at utskifting av renovasjonspunkt skal vera ferdig innan 2023 og skal ha løysing for fleire avfallsfraksjonar. Opprinneleg plan var å renovere eitt pr år. Vi må no auke takta. 5 nye punkt som kostar om lag kr 500 000 kvar.
5. Automatisk overvaking er sers arbeidssparande og gir større tryggleik mot driftsstans med påfølgjande ureining





ÅL KOMMUNE

